



Årsmelding 2010



Lom

Gjestfri og nyskapande

Innhaldet i årsmelding 2010:

Innleiing	3
Ordføraren sine kommentarar	6
Administrasjonssjefen si vurdering	7
Politisk organisering og saker	8
Personal og organisasjon	9
Økonomisk oversyn	11
Oversikt frå tenesteområda	18
Notar til rekneskapen	54
Revisjonsmelding	72

Lom kommune
Midtgard
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>



Årsmelding 2010 Lom kommune

1.	Innleiing	3	Notar til rekneskapen	54
1.1	Nokre fakta om Lom	3	Note 1 Prinsipp for rekneskapen	54
1.2	Om året 2010	3	Note 2 Endring i arbeidskapital	55
1.3	Hendingar og utviklingstrekk	4	Note 3 Pensjon	55
2.	Leiarane om året 2010	6	Note 4 Kommunen sitt garantiansvar	56
2.1	Ordførar Simen Bjørgen	6	Note 5 Aksjar og andelar i varig eige	57
2.2	Administrasjonssjefen si vurdering	7	Note 6 Avsetning og bruk av fond	57
3.	Politisk organisering og saker	8	Note 7 Kapitalkonto	58
3.1	Saker og utval	8	Note 8 Interkommunalt samarbeid	59
3.2	Budsjettutvalet	8	Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar	59
3.3	Saksutval for pleie og omsorg	8	Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar	59
4.	Personal og organisasjon	9	Note 12 Finansiering av prosjekt	60
4.1	Administrativ organisering	9	Note 11 Anleggsmidlar	60
4.2	Tilsette	9	Note 13 Lånegjeld	62
4.3	Likestilling	9	Note 14 Langsiktig gjeld	63
4.4	Sjukefråvær	9	Note 15 Meir- eller mindreforbruk	64
4.5	Seniorpolitisk plan	10	Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar	64
4.6	Verneombod og tillitsvalde	10	Note 17 Tilhøve ved slutten av året	64
5.	Økonomisk oversyn	11	Note 18 Konto for skattetrekk	64
5.1	Økonomi	11	Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve	65
5.2	Finansiell rapport	11	Note 20 Årsverk og løn og godtgjersle	65
5.3	Det totale målekartet	15	Note 21 Tap og tapsavsetningar på kommunale krav	66
6.	Oversikt frå tenesteområda	17	Note 22 Netto driftsresultat	66
6.1	Staben til administrasjonssjefen	17	Note 23 Regjeringa si tiltakspakke	66
6.2	Støttefunksjonen	18	Note 24 Avviksforklaring	67
6.3	Loar skule	18	Note 25 Sjølvkostområdet	68
6.4	Garmo oppvekstsenter	21	Note 26 Disposisjonsfondet	68
6.5	Lom ungdomsskule	25	Note 27 Kraftfondet	70
6.6	Loar barnehage	29	Note 28 Heimfallsfondet	71
6.7	Miljø, teknisk, næring	32	Note 29 Kapitalfondet	71
6.8	Helse og velferd	35	Revisjonsmelding	72
6.9	Institusjonsbasert omsorg	38		
6.10	Heimebasert omsorg	42		
		48		
		51		

1. Innleiing

1.1 Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mange tusen turistar er innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1 945 km² - og til 2 404 innbyggjarar (31.12.2010) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.

1.2 Om året 2010

1.2.1 Utdrag frå administrasjonssjefen si vurdering av året 2010

Økonomi og drift

Lom kommune har god økonomistyring. Resultatet for 2010 er tilfredsstillande, men heller ikkje meir. Negativt brutto driftsresultat og positivt netto driftsresultat stadfestar på nytt at vi er avhengige av aksjeutbytte og finansinntekter. Vidare er 2010 eit driftsår som var svært utfordrande som følge av kraftig reduksjon av vår inntekt som følge av konsesjonskraftsal. Som kjent vart denne redusert med om lag kr 8 mill frå året før. Vi bør arbeide for å redusere sårbarheit i høve dette.


Med dette som utgangspunkt må 2010 seiast å vera eit godt driftsår. Det er vidare klaggjort at store investeringar som fleirbrukshus og omsorgsbustader forutset omprioriteringar innan eksisterande drift for å møte driftsutfordringar knytte til desse. Auka lånegjeld vil binde opp drifta vår i rente- og avdragsutgifter. Dette vil og bli forsterka av høgare rentenivå i åra som kjem, noko ein må legge til grunn i økonomiplanlegginga vår.

Samarbeid – medverknad til resultat


I kommunen blir det forutsett samhandling i eit partssamansett perspektiv. Dette inneber at folkevalde, leing og tilsette må samarbeide om drift og utvikling på mange område. I 2010 har vi vidareutvikla dette samarbeidet. Dette er m.a. gjort ved å gje tillitsvalde ei meir sentral rolle på dialogkonferansen og at moglegheitene til partssamansett samarbeid har vorte vidareutvikla på tenesteområda. Prinsippet med høg grad av delegasjon og rammestyring er m.a.o. vidareutvikla.

1.2.2 Utvikling av driftsresultat frå 2006 til 2010 (tal i tusen kroner)

	2006	2007	2008	2009	2010
Sum driftsinntekter	150 050	156 525	161 836	177 075	187 781
Sum driftsutgifter	150 779	153 860	168 850	181 225	193 733
Brutto driftsresultat	-729	2 666	-7 015	-4 150	-5 952
Reultat eksterne finanstransaksjonar	5 195	1 906	4 098	3 210	4 143
Motpost avskrivningar	6 865	7 468	8 012	8 299	8 476
Netto driftsresultat	11 331	12 040	5 095	7 359	6 667




Fordeling av arealet i Lom



Folketalet ved utgangen av året frå 2005 til 2010

Folketalet ved utgangen av året frå 2005 til 2010



Utvikling i eigenkapitalprosent

Utvikling i eigenkapitalprosent



Frå den unike istunnelen under Juvfonna



1.3 Hendingar og utviklingstrekk

1.3.1 Istunnelen under Juvfonna opna i juni

Eitt hundretals interesserte frå fjern og nær fekk oververa opninga av den spektakulære isgrotta i Juvfonna tysdag. Folk frå ulike fagmiljø og politiske miljø hadde møtt opp. Likeins bygdefolk og andre interesserte. Ordførar Simen Bjørgen ynskte vel møtt og orienterte om visjonane for den kunstige isgrotta, som er eineståande i sitt slag i verda.

God start

Veret var fint, pressa var til stades, borna fekk fyrsteretten og starten kunne difor knapt vore betre. Klimapark 2469 er vel etablert med fokus på både forskning og formidling. Prosjektleiar Espen Finstad og alle vi andre kan vera stolte over istunnelen i Juvfonna.

Les meir om istunnelen og verksemda rundt han på www.klimapark2469.no.

1.3.2 Lokalmedisinske senter

Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter (NGLMS) vart opna på Otta våren 2010.

I tillegg til kommunale tenester for Sel kommune er det både interkommunalt samarbeid (om m.a. legevakt, sengeplassar, fysio- ergoterapi / rehabilitering, jordmorvakt, samfunnsmedisin og telemedisin / videokonferanse) og spesialisthelsetenester frå Sykehuset Innlandet.

Inngangspartiet til det nye lokalmedisinske senteret

1.3.3 Fleirbrukshus

Planane for eit fleirbrukshus i Lom vart meir konkrete i løpet av 2010. Skisseprosjektet utarbeidd av RAM arkitektur hausten 2009 vart gjennom året vidareutvikla til eit førprosjekt. Rojo arkitekter i Trondheim har gjennomført førprosjektet etter utlysing.

Førprosjektet er ei forlenging av skisseprosjektet og inneheld tri hovuddelar: Fleirbrukshall, vidaregåande skule (allmennfag og administrasjon) og kulturhus (opprusting av samfunnshuset).

Mot slutten av året var førprosjektet i hamn med ein prislapp noko over dei rundt 85 mill. som var utgangspunktet.

Planskisser over fleirbrukshusplanane etter førprosjektet ligg ute på kommunen sine nettsider. Kommunestyret vedtok på nyåret 2011 å gå vidare på prosjektet med detaljprosjektering.

1.3.4 Nokre resultat frå innbyggjarundersøkinga

441 svar i utvalet på 1 933 personar, svarprosent på 22.

Totalscore:

Lom: 4,1. Landsgjennomsnittet: 4,0

Nokre funn:

På hovuddimensjonane har vi høgast score i landet på servicetilbod, medan vi ikkje har lågast score i landet på nokon av dei.

Høgast score i landet på delområde:


Grunnskulen (brukar)
Biblioteket (brukar)
Heimesjukepleia (inntrykk)
Kvaliteten på drikkevatnet
Oppvekstmiljøet for barn og unge
Bank, post og forsikring
Butikktilbodet
Utviklingen av kommunesenteret
Trygt å bu og ferdast i kommunen
Å bu i kommunen

Lågast score i landet på delområde:

Moglegheit til sortering av avfall for gjenvinning
Moglegheit til å skaffe einebustad/rekkehus

Score på hovuddimensjonane i innbyggjarundersøkinga

■ Score i Lom kommune ■ Gjennomsnittleg score i landet (Skala frå 1-6 der 6 er best)



Vi høyrer på brukarane

Vi bruker resultatane frå dei arlege brukarundersøkingane i utviklinga av tenestene. Under gjev vi att to faksimilar frå "Kommunel rapport" frå 31. mars 2011 som til saman syner at vi får gode resultat av dette systematiske utviklingsarbeidet.

Verdt å lytte til brukerne

Ringsaker kommune spør de brukerne om hva de syns om kvaliteten på tjenestene. Sammen med Lom og Drammen er Ringsaker den kommunen i landet som i størst grad lytter til brukerne, viser de ferske Kostra-tallene. All ære til disse kommunene. Vi mener brukerperspektivet har en betydelig verdi. Det gir da også positive utslag på Kommunebarometeret.

Hele 107 av 430 kommuner spør ikke brukerne. Det er altfor mange. Dermed går de fleste kommunene glipp av viktig kunnskap. De forblir nokså uvitende om hvordan brukerne deres opplever de kommunale tjenestene. Og ikke minst går de glipp av potensielt gode innspill til hvordan tjenestene kan bli bedre, fra dem som kjenner dem. Det er synd, for da blir det vanskeligere å navigere seg fram

KOMMUNEBAROMETERET 2011

Brukerperspektiv

	Barnevern - siste to år	System barnevern	System institusjon PO	System hjemmetjenesten PO	Sosialtjeneste - siste to år
Vekting %	20	10	20	20	30
1 Drammen	6	6	6	6	6
1 Lom	6	6	6	6	6
1 Ringsaker	6	6	6	6	6
4 Naustdal	6	6	6	6	6
4 Larvik	6	6	6	6	6
4 Kristiansand	6	6	6	6	6
7 Hol	6	6	6	6	6
7 Orkdal	6	6	6	6	6
7 Gausdal	6	6	6	6	6

2. Leiarane om året 2010

2.1 Ordførar Simen Bjørgen

Aktivt 2010 i Lom

2010 har vore eit aktivt, spanande og krevjande år. Helsinga til årsmeldinga gjev høve til å sjå seg attende, kanskje for å tenkje over korleis ting har vorte til. Det ligg mykje læring i dette.

Fokus på løysingar

Innanfor den politiske verksemda i Lom kommune har året vore prega av eit eineståande godt tverrpolitisk samarbeid. Dei har vore brei politisk semje om praktisk talt alle viktige vegval og prioriteringar. Dei aller fleste vedtak har vore samrøystes både i formannskap og kommunestyre. Politikarane i Lom har fokus på løysingar. Det er interessant å vere ein del av eit slikt positivt kollegium.

Fleirbrukshuset

Ei sak som har vore aktuell dei siste 25 åra er bygging av fleirbrukshall i Lom. I 2010 gjorde kommunestyret samrøystes vedtak om å løyve midlane som skulle til for å detaljprosjekttere det vi no kallar fleirbrukshuset. Innhaldet har utvikla seg over tid. Kanskje er det bra at det ikkje har vore bygd tidlegare. No består prosjektet av både ny vidaregåande skule, oppgradering av samfunnshuset til ein moderne kultursal og bygging av fleirbrukshallen. Det er avgjerande med brei politisk oppslutning om satsinga også framover.

Lokalmedisinske senteret

Nord Gudbrandsdal lokalmedisinske senter vart opna. Her vert det investert i livskvalitet for innbyggjarane i regionen. For mange har nytte av anlegget og ikkje minst innhaldet når det no står ferdig, og ein får høve til å oppsøke spesialistar på Otta, i staden for på Lillehammer og Gjøvik. Dette er ein viktig del av det framtidige helsetilbodet i Nord Gudbrandsdalen, og ein naudsynt byggestein i vårt arbeid med samhandlingsreformen.

Klimaparken

Klimapark 2469 representerer spanande moglegheiter i framtida for Lom og regionen. Vi utviklar ein internasjonal leiande formidlingsarena for globale klimaendringar. Det har vore mykje merksemd frå både inn og utland rundt denne satsinga. No er arbeidet med å etablere ei permanent organisering av Klimaparken i gang, og mykje tyder på at Norsk Fjellmuseum vil bli ein sentral motor og drivkraft.

Innbyggjarundersøkinga

2010 er eit nytt år der vi har prioritert arbeidet med omdømme. Det har resultert i stor merksemd om arbeidet i Lom frå fleire kantar. Vi har også for fyrste gong gjennomført ein eigen innbyggjarundersøking som viser både moglegheiter og utfordringar. Det er sjølv sagt interessant å sjå at Lom scorar høgast på område som servicetilbod og tryggleik

Men også område som grunnskule, biblioteket, heimesjukepleia, oppvekstmiljø for barn og unge og tilbodet av kafear, restaurantar og uteliv er folk svært godt nøgde med. Slike undersøkingar gjev også politikarane eit godt grunnlag for å kontinuerleg vurdere forbetningsområde.

Moderne og effektiv drift

Resultata i Lom er godt underbygd og dokumentert. Vi veit dette fordi vi av og til nyttar ekstern bistand for å gå oss grundig etter i saumane. I 2010 gjennomførte AGENDA ei kartlegging av kommunen og konkluderte med at vi har ei moderne og effektiv drift. Den same konklusjonen kjem fram gjennom den vurderinga som Teknisk berekningsutval (TBU) har utført for Kommunal- og regionaldepartementet. Lom kommune har lågare inntekter enn den norske gjennomsnittskommunen men produserer likevel betre tenester. Og vi er best i Oppland. Og faktisk nr 29 av alle kommunar i heile landet.

Det er mange å takke for desse resultata. Våre dyktige medarbeidarar på alle område. Politikarar frå alle parti som bidreg konstruktivt i viktige prosessar. Vi har og godt samarbeid med mange miljø både i fylket og på landsbasis. Det er mange som er med å gjera Lom gode.

Eg takkar alle for samarbeidet i 2010, og ynskjer lukke til med nye utfordringar i 2011.



2.2 Administrasjonssjefen si vurdering

Visjon – endrings- og utviklingsarbeid over tid

Kommunestyret gjorde vedtak om visjonen ”Gjestfri og nyskapande”, med følgjande holdsatsingsområde: Kommunikasjon, endringskompetanse og omdømme, for om lag fem år sidan. Etter det er det gjort eit systematisk utviklingsarbeid for å imøtekoma dette. Eg er derfor stolt over at vi på nytt kan legge fram ei årsmelding som dokumenterer gode resultat. Dette gjeld både dei grunnleggjande og lovpålagte tenester, men og andre område. Det er og dokumentert gode resultat innan dei overordna satsingsområda.

Lom kommune står i dag fram som ei moderne og utviklingsorientert kommune.

Framtid og nye oppgåver

Kommunen er ein mangfaldig organisasjon med mangfaldige oppgåver. Samfunnet endrar seg raskare enn nokon gong, og for å henge med i utviklinga må vi heile tida vera vakne og tenkje utvikling og endring. Samhandlingsreformen er eit døme på dette. Grunnlaget for samhandlingreformen er ei omfordeling av ressursar og oppgåver til kommunane. Vektleggjinga er vidare å førebyggje kontra det å etterbehandle. Vi står framfor ei utvikling der vi får auka etterspurnad frå pleietrengjande og eldre. Samhandlingsreformen er ei særdeles omfattande reform som vil ta tid å forme og utvikle. Lom kommune har i sin høyringsuttale stilt seg positiv til grunnlaget for reformen, men da med klare forutsetningar. Det er heilt avgjerande at kommunane, enkeltvis eller saman med andre, blir sett i stand til å løyse oppgåvene som både er og blir pålagt oss. Til dette seier det seg sjølv at vi treng fleire medarbeidarar med naudsynt kompetanse. Lom kommune har starta arbeidet med å bu seg på dette, m.a. ved å tilsette folkehelsekoordinator og å etablere koordinerande eining. Det er viktig å understreka at denne utfordringa ikkje berre ligg til helse – og omsorgdelen i kommunen. Dette er i høgste grad ei felles og partssamansett oppgaveløysing. Vidare er det gjort ”regionale” tiltak ved etablering av LMS på Otta, arbeidet med felles pleie og omsorgsplan i felles arbeid mellom dei seks Nordals-kommunane er blant desse. I kva grad vi står fram som attraktiv arbeidsgjevar vil vera svært avgjerande i kampen om framtidige tilsette. Dette gjeld sjølv sagt kommunen som heilheit.

”Føre var” og tryggleik

Påstanden om at Lom kommune er ei god og trygg kommune å bu i har vore framme fleire gonger. Dette har med livskvalitet og tryggleik å gjera. Lom kommune møter denne utfordringa på mange område, og arbeider med ”ei føre var”-haldning som grunnlag. Innan dette området vil det og koma utfordringar fram i tid, noko som m.a. er fundamentert i plan- og bygninglova.

Innbyggjarundersøking

Lom kommune gjennomførte for første gong ei innbyggjarundersøking i 2010. Alle innbyggjarar over 18 år fekk høve til å svare på spørsmål og melde attende om deira syn på tenester frå kommunen og korleis dei oppfattar sentrale og viktige område i Lomsbygda totalt sett. Det er derfor gledeleg at våre innbyggjarar rangerer sin tryggleik som den beste blant dei kommunane som har gjennomført denne undersøkinga. Resultata frå undersøkinga viste og andre område med gode attendemeldingar. Samstundes kjem det og attendemeldingar som ikkje er tilfredsstillande. Konkrete attendemeldingar som kjem frå slike undersøkingar er særdeles viktige å få for kommunen for å gjera fornuftige prioriteringar fram i tid som er i takt med innbyggjarane sine forventningar.

Økonomi og drift

Lom kommune har god økonomistyring. Resultatet for 2010 er tilfredsstillande, men heller ikkje meir. Negativt brutto driftsresultat og positivt netto driftsresultat stadfester på nytt at vi er avhengige av aksjeutbytte og finansinntekter. Vidare er 2010 eit driftsår som var svært utfordrande som følgje av kraftig reduksjon av vår inntekt som følgje av konsesjonskraftsal. Som kjent vart denne redusert med om lag kr 8 mill frå året før. Vi bør arbeide for å redusere sårbarheit i høve dette. Med dette som utgangspunkt må 2010 seiast å vera eit godt driftsår. Det er vidare klargjort at store investeringar som fleirbrukshus og omsorgsbustader forutset omprioriteringar innan eksisterande drift for å møte driftsutfordringar knytte til desse. Auka lånegjeld vil binde opp drifta vår i rente- og avdragsutgifter. Dette vil og bli forsterka av høgare rentenivå i åra som kjem, noko ein må legge til grunn i økonomiplanleggjinga vår.

Samarbeid – medverknad til resultat

I kommunen blir det forutsett samhandling i eit partssamansett perspektiv. Dette inneber at folkevalde, leiing og tilsette må samarbeide om drift og utvikling på mange område. I 2010 har vi vidareutvikla dette samarbeidet. Dette er m.a. gjort ved å gje tillitsvalde ei meir sentral rolle på dialogkonferansen og at moglegheitene til partssamansett samarbeid har vorte vidareutvikla på tenesteområda. Prinsippet med høg grad av delegasjon og rammestyring er m.a.o. vidareutvikla.

Det er til slutt på sin plass, og all grunn til å takke folkevalde og tilsette for deira avgjerande medverknad til at Lom kommune står fram som ei god kommune å vera i! Det er dei tilsette som på sin måte og sin arbeidsplass legg grunnlaget for gode tenester, trivsel og godt omdømme i kommunen!

Kommunestyret
17 representantar

Kontrollutvalet

Formannskapet
5 representantar

Budsjettutvalet

Politisk organisering
i Lom kommune



Banksjef Arne Henning Falkenberg (t.v.) og ordførar Simen Bjørgen gratulerer kvarandre med nytt felles møterom/ kommunestyresal som vart offisielt teken i bruk 3. desember 2010



I samband med ombygginga av kommunestyresalen vart det og eit nytt fint møterom på halve galleriet



IT-konsulent Gaute Husom demonstrerer moderne teknisk utstyr

3. Politisk organisering og saker

3.1 Saker og utval

Utval	2009		2010	
	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	61	8	59
Formannskapet	24	127	17	104
Administrasjonsutvalet	5	6	1	3
Tilsettingsutvalet	9	45	7	37

3.2 Budsjettutvalet

Budsjettutvalet 2009 hadde 5 medlemmar:

Medlemmar	Gruppe	Varamedlemmar	Gruppe
Odd Arne Kroken (leiar)	Sp	Ola Magnar Hoft	Sp
Beate Stø	Sp	Per Bådshaug	Bl
Torbjørgr Graffer Myrhaug	Sp	Norvald Hellekveen	Ap
Magny Hilde	Bl		
Anne-Lise Marstein	Ap		

3.3 Saksutval for pleie og omsorg

Saksutval for pleie- og omsorg har følgjande medlemmer: Anne-Lise Marstein (Ap), Per Bådshaug (Bl.), Beate Stø (Sp), Kristin Øyjordet (Sp) og Ottar Dalen (Sp) er medlemmar i utvalet. Det er Beate Stø som leier saksutvalet, medan Anne Lise Marstein er nestleiar.

Utvalet har som mandat å utarbeide forslag til ein pleie- og omsorgsplan, som skal ta utgangspunkt i Stortingsmelding 25 – Omsorgsplan 2015 – ”Mestring, muligheter og mening”, statlege føringar, samt kommuneplan Lom 2020.

Utvalet held fram med arbeidet sitt i påvente av den varsla Samhandlingsreforma.

4. Personal og organisasjon

4.1 Administrativ organisering

Administrasjonen i Lom kommune er, etter endringane i løpet av 2009, delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. I tillegg kjem staben til administrasjonssjefen. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

4.2 Tilsette

Tilsette

I 2010 fekk 12 personar fast arbeid i Lom kommune, 23 fekk utvida stilling, 1 hadde overgang til ny stilling, og 23 avslutta sitt arbeidsforhold. Av desse gjekk 7 av med pensjon, anten med full AFP, alderspensjon, eller uførepensjon.

4.3 Likestilling

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillinga og for å auke stillingsstorleiken for tildette i deltid. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei tillitsvalde. Arbeidet med å redusere deltidsstillingar har resultert i at dei som ynskja utvida stilling i 2010 fekk det.

I 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Ein samarbeidspart for kompetanseheving er OPUS på Otta.

Det er framleis ein skilnad mellom menn og kvinner både på stillingsstorleik, årsløn og fråvær. Det er fleire kvinner i både faste stillingar, i deltidsstillingar og i vikar stillingar, medan menn har høgare alder, gjennomsnittleg årsløn og stillingsstorleik.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det vil i det framtidlege arbeidet vere ein fokus på kompetanse, og det skal utarbeidast ein kompetanseplan for heile kommunen.

Fast tilsette	2008	2009	2010
	289	273	268

Fordeling menn/kvinner i 2010	Menn	Kvinner
Antal	54	214
Prosent	20%	80%
Gjennomsnitt stillingsstorleik	69%	66%
Gjennomsnitt årsløn	388.017,-	360.762,-
Gjennomsnitt alder	48,8	46,7

Deltidstilsette i faste stillingar	Menn	Kvinner
Antal	28	156
Prosent	15%	85%
Gjennomsnitt stillingsstorleik	54,8%	46,76%

Vikarar	Menn	Kvinner
Antal	24	53
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	34,53%	32,72%
Gjennomsnittleg alder	41,3	38,4

Administrasjonssjef
Ola Helstad

Staben

Støttefunksjonen
Egil Haug

Garmo
oppvekstsenter
Nina Ophaug

Loar skule
Marit Rossehaug

Lom ungdomsskule
Tore Mundal

Loar barnehage
Ragnhild Vestad

Miljø, teknisk,
næring
Terje Hoel og
Sander Sælthun

Helse og velferd
Bjørn Bakke

Pleie og omsorg
Reidun Øvre
Øygard

*Administrativ organisering
i Lom kommune*

4.4 Sjukefråvær

Lom kommune har skrive under IA-avtalen, noko som forpliktar til arbeid med nærvær og eit inkluderande arbeidsliv. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvalde og verneombod.

Det totale fråværet på ei ulike tenestoområda ser slik ut i 2010:

Teneste	Menn	Kvinner
Støttefunksjon	3,4%	3,5%
Garmo Oppvekstsenter	4,5%	9,1%
Loar barnehage	14,6%	6%
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	0,6%	6,9%
Lom ungdomsskule	1%	1,9%
Miljø, teknisk, næring	4,2%	17,8%
Helse og Velferd	0%	3,2%
Pleie og Omsorg	16,8%	11,5%

Samanlikna med tidlegare år ser sjukefråværet for 2010 slik ut;

	2007	2008	2009	2010
1-16 dagar	2,7%	2,7%	1,8%	1,8%
17-40 dagar	1,5%	1,7%	1,1%	1,5%
41 dagar +	1,8%	2,8%	4,5%	4,2%
Totalt	6,0%	7,2%	7,4%	7,5%

Fråvær grunna barn eller barnepassar sin sjukdom har resultert i 162 dagar med fråvær. Av desse var kvinner heime i 83% av tilfella og menn i 17%. Dette er fordelt slik;

	Menn		Kvinner	
	Dagar	%	Dagar	%
Støttefunksjon			11	100%
Garmo Oppvekstsenter			12	100%
Loar barnehage	9	35%	17	65%
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule			3	100%
Lom ungdomsskule			35	100%
MTN	7	32%	15	68%
Helse og Velferd	7	41%	10	59%
Pleie og Omsorg	1	4%	22	96%

Det er ikkje på alle tenestoområda at både menn og kvinner har born under 12 år som ein er heime med, så tabellen er ikkje heilt representativ.

4.5 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsete står i fokus. Alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan. Tilsette mellom 62 til og med 64 år får høve til å velje "seniorløn" eller å ta ut fridagar etter nærare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle seg verdsette og at det vert lagt tilsette for at dei skal stå lenger i arbeid. I 2010 hadde Lom kommune 33 som fylte 60 år eller meir. Av desse hadde 7 ei senioravtale, kor fordelinga var 2 menn og 5 kvinner, og 2 har ein delvis AFP.

4.6 Verneombod og tillitsvalde

Tillitsvalde og verneombod er viktige ressursar for Lom kommune, og det blir lagt til rette for opplæring av dei som innehar desse verva. Vi har lagt opp til ein fast møteplan med dei tillitsvalde, og i Lom kommune er Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta, NSF, NETF, FO, NFF, NITO, Naturvitarane og Samfunnsvitarane representerte.


5. Økonomisk oversyn

5.1 Økonomi

5.1.1 Driftsrekneskapen


	Notar	2010		2009
		Rekneskap	Justert budsjett	Rekneskap
Driftsinntekter:	9, 10, 24, 25			
Brukarbetaling		7 701 939	7 199 665	7 689 898
Andre sals- og leigeinntekter		33 912 859	33 046 100	31 878 911
Overføringar med krav til motyting		28 303 937	23 972 037	29 118 210
Rametilskot	23	57 321 112	59 322 000	51 343 755
Andre statlege overføringar		10 152 717	7 923 024	4 843 638
Andre overføringar		467 162	823 353	1 759 288
Skatt på inntekt og formue		40 688 631	40 172 000	40 257 619
Eigedomsskatt		3 182 046	3 077 622	3 860 724
Andre direkte og indirekte skattar		6 050 928	3 500 000	6 322 779
Sum driftsinntekter		187 781 331	179 035 801	177 074 823
Driftsutgifter:	9, 10, 23, 24, 25			
Lønsutgifter	20	103 814 926	100 839 820	99 847 195
Sosiale utgifter	3	19 391 683	22 288 440	22 685 772
Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen		27 463 239	25 376 966	27 360 243
Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen		23 206 695	23 675 800	11 732 310
Overføringar	8, 19	11 446 745	10 545 679	11 312 309
Avskrivningar		8 476 089	8 477 600	8 298 878
Fordelte utgifter		-66 000	104 600	-11 548
Sum driftsutgifter		193 733 378	191 308 905	181 225 159
Brutto driftsresultat		-5 952 047	-12 273 104	-4 150 336
Finansinntekter:				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		14 554 411	14 050 000	14 650 189
Gevinst på finansielle instument		0	0	0
Mottekne avdrag på utlån		133 494	55 037	140 558
Sum eksterne finansinntekter		14 687 905	14 105 037	14 790 747
Finansutgifter:				
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	13	3 840 058	3 851 000	4 553 002
Tap på finansielle instument		0	0	0
Avdragsutgifter	13	6 623 845	6 775 000	6 843 052
Utlån		81 500	68 796	184 577
Sum eksterne finansutgifter		10 545 403	10 694 796	11 580 631
Resultat eksterne finanstransaksjonar		4 142 502	3 410 241	3 210 116
Motpost avskrivningar		8 476 089	8 477 600	8 298 878
Netto driftsresultat	22	6 666 544	-385 263	7 358 658
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk		3 478 651	3 478 650	5 199 853
Bruk av disposisjonsfond	6	3 049 229	5 652 119	1 811 030
Bruk av bundne fond	6	4 560 159	5 685 689	3 559 661
Bruk av likviditetsreserve	6	0	0	0
Sum bruk av avsetningar		11 088 039	14 816 458	10 570 544
Overført til investeringsrekneskapen	12	2 071 829	5 152 869	1 814 200
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk		0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	6	3 429 524	3 436 523	5 962 810
Avsetningar til bundne fond	6	7 953 794	5 841 803	6 673 542
Avsetningar til likviditetsreserven	6	0	0	0
Sum avsetningar		13 455 147	14 431 195	14 450 552
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	15	4 299 436	0	3 478 651

Utvikling i brutto driftsresultat 2006-2010.
Tal i tusen kroner.



Utvikling i netto driftsresultat 2006-2010.

Tal i tusen kroner.



Utvikling av driftsresultat frå 2006 til 2010: (tal i tusen kroner)

	2006	2007	2008	2009	2010
Sum driftsinntekter	150 050	156 525	161 836	177 075	187 781
Sum driftsutgifter	150 779	153 860	168 850	181 225	193 733
Brutto driftsresultat	-729	2 666	-7 015	-4 150	-5 952
Resultat eksterne finanstransaksjonar	5 195	1 906	4 098	3 210	4 143
Motpost avskrivningar	6 865	7 468	8 012	8 299	8 476
Netto driftsresultat	11 331	12 040	5 095	7 359	6 667

5.1.2 Balanserekneskapen

	Notar	2010	2009
Eigendelar:			
Anleggsmidler		459 865 689	442 093 366
Av dette:			
Faste eigedommar og anlegg	11	238 117 903	237 195 426
Utstyr, maskinar og transportmiddel	11	3 172 879	3 725 439
Utlån		43 323 303	43 643 006
Aksjar og andeler	4, 5	8 423 326	7 742 482
Pensjonsmidlar	3	166 828 278	149 787 012
Omløpsmidlar	2	93 696 560	96 680 834
Av dette:			
Kortsiktige fordringar	21	11 943 347	15 996 652
Premiavvik		2 271 956	1 558 338
Aksjar og andeler		0	0
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	18	79 481 257	79 125 843
Sum eigendelar		553 562 249	538 774 199
Eigenkapital og gjeld:			
	Notar	2010	2009
Eigenkapital		200 420 524	196 043 665
Av dette:			
Disposisjonsfond	6, 26	24 516 615	24 907 771
Bundne driftsfond	6	27 399 103	24 005 469
Ubundne investeringfond	6	7 589 210	8 565 712
Bundne investeringsfond	6, 27, 28, 29	1 110 316	4 261 438
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		-2 910 801	-2 910 801
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest		-369 896	-369 896
Rekneskapsmessig mindreforbruk	15	4 299 436	3 478 651
Rekneskapsmessig meirforbruk	15	0	0
Udisponert i investeringsrekneskap		0	0
Udekket i investeringsrekneskap		-89 963	-106 869
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto	7	138 876 503	134 212 191
Langsiktig gjeld	14	323 492 058	314 484 177
Av dette:			
Pensjonsforpliktingar	3	214 560 023	196 532 843
Ihendehavarobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	13, 14	108 932 035	117 951 334
Kortsiktig gjeld	2	29 649 667	28 246 358
Av dette:			
Kassakredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		29 649 667	28 246 358
Premieavvik		0	0
Sum eigenkapital og gjeld		553 562 249	538 774 199

5.1.3 Investeringsrekneskapen

	Fast eiendom	Utstyr
Telefon-skular m.m.		85 088,50
Edb-utstyr-regiondata		300 153,00
Edb-utstyr/programvare m.m.		43 001,25
Helseheimen	20 625,00	
Omsorgsbustader	51 912,71	
Kjøp av grunn-gnr.133-Bnr.11	50 000,00	
Utleigebygg (Gjeisar)-ii	1 057 500,00	
Utleigeb-garasje amb.	1 237 371,50	
Tannklinikken	141 875,00	
Kommunale vegar -skilting m.m.	291 012,50	
Brann og fjellredningsstasjon	4 270 091,83	
Vaktsentralen-agregat	0,00	32 370,00
Fossbergom renseanlegg	323 886,80	
Miljøstasjon	213 558,50	
Samfunnshus	817 538,67	
Delsummar	8 475 372,51	460 612,75
Totalsum	8 935 985,26	

5.1.4 Finansieringsanalyse

	2010		Rekneskap
	Rekneskap	Just. budsjett	2009
Anskaffing av midlar:			
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	187 781 331	178 885 801	177 074 823
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	885 980	5 200 000	1 324 187
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	21 760 336	30 201 037	18 628 520
Sum anskaffing av midlar	210 427 647	214 286 838	197 027 530
Bruk av midlar:			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	185 257 289	182 763 705	172 926 281
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	8 935 985	28 194 515	5 262 528
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	16 521 826	15 833 109	15 106 354
Sum bruk av midlar	210 715 100	226 791 329	193 295 164
Anskaffing - bruk av midlar	-287 453	-12 354 491	3 732 367
Endring i ubrukte lånemidlar	-4 033 454	0	-25 975
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0	0	0
Endring i arbeidskapital	-4 320 907	-12 354 491	3 706 392
Avsetninger og bruk av avsetninger			
Avsetningar	16 655 578	9 385 195	17 680 535
Bruk av avsetningar	16 853 068	21 577 286	13 841 299
Til avsetning seinare år	89 963	0	106 869
Netto avsetningar	-287 453	-12 192 091	3 732 367
Interne overføringer og fordelinger			
Interne inntekter mv	15 066 094	19 640 178	14 141 710
Interne utgifter mv	15 066 094	19 539 778	14 141 710
Netto interne overføringer	0	100 400	0

	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Oversikt endring arbeidskapital		
<u>Omløpsmidlar:</u>		
Endring betalingsmidlar	355 413	8 649 597
Endring ihendehaverobligasjonar og sertifikat	0	0
Endring kortsiktige fordringer	-4 053 305	-1 660 116
Endring premieavvik	713 618	-2 015 213
Endring aksjer og andelar	0	0
Endring omløpsmidlar (a)	-2 984 273	4 974 268
<u>Kortsiktig gjeld:</u>		
Endring kortsiktig gjeld (b)	-1 403 310	-1 267 876
Endring arbeidskapital (a-b)	-4 387 583	3 706 392

5.1.5 *Inntekter - avviksmelding*

Brukarbetalingar:

Det er ei meirinntekt for langtidsopphald på Lom helseheim på kr 470 000.

Andre sals - og leieinntekter:

Det er fleire mindre postar som utgjer avviket.

Overføringar med krav til motyting:

Meirinntekta på kr 4 482 000 må sjåast saman med meirutgiftene i lønsutgifter med kr 2 900 000.

Postane Rammetilskot, skatt på inntekt og formue og andre direkte og indirekte skattar:

Rammetilskot og skatt på inntekt, formue og andre direkte og indirekte skattar må sjåast saman. Skatteinngangen vart for 2010 større enn forventa. Skatteinngangen blir justert mot posten "inntektsutjamning". Ved større skatteinngang blir "inntektsutjamninga" mindre. Inntektsutjamning ligg i posten "Rammetilskot".

5.1.6 *Driftsutgifter - avviksmelding*

Løn:

Sjå kommentarar under posten over: "Overføringar med krav til motyting".

Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen:

Det største avvika på denne posten kjem av meirforbruk av el-kraft på kr 1 300 000.

Renteinntekter, provisjonar og andre finansutgifter:

Meirinntekt på renter utgjer kr 630 000.

Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter:

Her er det uvesentlege avvik.

5.1.7 *Bruk av avsetningar - avviksmelding*

Bruk av bundne fond:

Avviket er budsjetterte ikkje brukte løyvingar.

5.1.8 *Avsetningar - avviksmelding*

Overført til investeringsrekneskapen:

Avviket kjem av budsjetterte investeringstiltak som ikkje er gjennomførte.

Avsetning til disposisjonsfond:

Differansen er tiltak som er budsjettert i 2010, men ikkje ferdigstilte.

Avsetning til bundne fond:

Avsetjinga på mottekne øyremerka middel utover budsjett. Mottekne konsesjonsavgifter på kr 400 000 meir enn budsjett. Lovpålagt avsetjing av overskot innanfor VAR – området med kr 156 000.

5.1.9 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar

Tal i tusen kroner	2006	2007	2008	2009	2010
Total langsiktig gjeld	258 520	289 603	310 375	314 484	323 492
Av dette er pensjonsforpliktingar	147 575	161 324	187 026	196 533	214 560
Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar	110 945	128 279	123 348	117 951	108 932
Tal i tusen kroner	2006	2007	2008	2009	2010
Eigenkapital	186 315	198 802	204 945	196 044	200 421
Totalkapital	474 572	514 773	542 298	538 774	553 562
Langsiktig gjeld	258 520	289 603	310 375	314 484	323 492
Eigenkapitalprosent	2006	2007	2008	2009	2010
	39,3%	38,6%	37,8%	36,4%	36,2

Udisponert på forskjellige fond:

Tal i tusen kroner	2006	2007	2008	2009	2010
Bundne driftsfond	13 121	15 232	16 487	20 118	22 625
Bundne investeringsfond	3 135	4 384	3 114	4 261	1 110
Disposisjonsfond	6 059	12 949	17 830	22 099	21 448
Ubundne investeringsfond	8 371	9 153	5 111	6 475	5 853
Rekneskapsmessig mindreforbruk	8 712	7 897	5 200	3 479	4 299

5.2 Finansiell rapport

5.2.1 Føremålet med finansforvaltninga

Overordna mål

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling.

Finansforvaltning skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader. Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

5.2.2 Nøkkeltal pr 31.12.2010

	01.01.2010 – 31.12.2010
Renteinntekter og aksjeutbytte	Kr 14 135 000
Avkastning i %	12,4 %
Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar	Kr 108 932 000
Effektiv lånerente	2,9 %
Aksjar og utlån	Kr 34 869 000

5.2.3 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskott, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).


Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank. I tillegg kan det gjerast innskott i andre spare- eller forretningsbankar.

Kommune skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.

Likvide midlar gjennom året

Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Pr 31.12.2010 er kr 20 000 000 plassert til fastrente med bindingstid 1 år.

Likvider elles er plasserte til flytande rente, og til kvar disponible middel.



Med ei renteauke som er større enn 0,5 % vil vi begynne å tape på vår plassering i fastrentebinding – dette sett over eitt år.

5.2.4 Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2010 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 12 500 000.

Pr 31.12.2010 var det ikkje teke opp lån. Fleire av prosjekta i investeringsplanen var ved slutten av året ikkje starta. Lån etter vedtaket, for starta eller gjennomførte prosjekt vil bli teke opp i 2011. Opptak utover dette vil bli vurdert opp mot avkastning på plassering av den ubrukte kapitalen.

Gjennom året er det ikkje inngått avtaler om finansiell leasing.

Det er heller ikkje gjort noko refinansiering.

Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

Fastrentelån: 44 %

Flytande rente: 66 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav.

Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter på 1 år auke med kr 610 000. Det er signala om at vi vil få renteauke utover i 2011.

Lån til flytande rente er på kr 61 000 000, medan innskot til flytande rente er på ca kr 55 000 000 – 60 000 000. Storleiken på lån til flytande rente og innskot til flytande rente er ca på same nivå. Dette indikerer ein liten renterisiko.

5.2.5 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

5.2.6 Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill.

Selskap	Balansført verdi 31.12.2010	Balansført verdi 31.12.2009
Gudbrandsdal Lufthamn AS	127 500	127 500
Eidefoss AS	2 400 000	2 400 000
Midtgard AS	1 410 000	1 410 000
Jotunheimen Reiselivslag AS	11 000	11 000
Skjolden Næringsbygg AS	100 000	100 000
Kommunekraft	1 000	1 000
Det Norske Teatret	400	400
Gudbrandsdal Industrier AS	541 000	201 000
Gudbrandsdalsmusea AS	36 000	36 000
KLP – eigekapitalinnskot	3 554 169	3 213 325
Stiftelsen Norsk Kulturarv	50 000	50 000
Lom Tamreinlag BA	60 000	60 000
NGR – Renovasjonsselskap	88 400	88 400
Lom og Skjåk Brannvesen IKS		
Sum	8 379 469,00	7 698 625,00

Oversikt over aksjar og eigarar.

Det er ikkje føresetnad om avkastning til kommunen for dei fleste av desse eigarane, men dei er meir å rekne som eit bidrag til samfunnutvikling.

5.3 Det totale målekartet

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Res. 2009	Res. 2010	Mål 2010
Økonomi	Økonomi- styring og drift	Brutto driftsresultat	-3,2%	-3,2%	-3%
		Netto driftsresultat	4,2%	3,6%	3%
	Finansiell styring	Eigenkapitalprosent	36,4%	36,2%	38%
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eiegenkapital)	1,8	1,8	1,7
	Likviditets- styring	Kredittid fordringar	27 dagar	33 dagar	32 dagar
		Likviditetsgrad 1	3,4	3,2	3,4
Med- arbeidarar	Opplevd kvalitet	Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter	38,6%	34,3%	45%
		Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,7	4,7	4,8
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	4,1	4,3
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	5,0	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	5,1	5,1
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,8%	1,8%	3,2%
		Sjukefråvær langtid	5,6%	5,7%	4,0%
		Svarprosent			
		medarbeidarundersøking	72%	59%	76%
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,5	4,7	4,5
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,1	4,3	4,3

5.3.1 Avvikskommentar til det totale målekartet

Ingen store avvik.

6. Oversikt frå tenesteområda

6.1 Staben til administrasjonssjefen

6.1.1 Hovudoppgåver

Hovudoppgåver - kultur

- Halde i hevd, vidareutvikle og formidle den lokale kulturen i Lom for bygdafolk og gjester.
- Kontakt og samarbeid med både lokale kulturberarar og kulturberarar utanfrå i større og mindre samanhengar.
- Sikre gode oppvekstkår, varierte kulturtilbod og medråderett for dei unge i Lom.

Hovudoppgåver - oppvekst

- Samarbeide tett med skular og barnehagar.
- Rettleie i skule- og barnehagesaker.
- Representere kommunen som barnehage- og skuleeigar
- Føre tilsyn med barnehage og skule.
- Sikre at styringssignal blir fylgt opp.
- Utvikle kvalitetssystem for skule og barnehage.
- Vere pådrivar i pedagogisk utviklingsarbeid
- Initiere og sikre framdrift i ulike prosjekt
- Delta i tverrfagleg arbeid.
- Delta i regionalt samarbeid.
- Analysere, vurdere og følge opp resultat. Utarbeide årleg tilstandsrapport for skulane.
- Ha det pedagogiske ansvaret for Varden og Jotunfjell leirskular.

6.1.2 Kommenterar til utviklingstrekk

Kommenterar til utviklingstrekk - kultur

- Aktiviteten i frivillige lag om lag som før.
- Fleirbrukshus.
- Planar om eit fleirbrukshus tek form. Førprosjektet syner ei god løysing med tri hovuddelar: Idrettshall, kulturhus (opprusting av samfunnshuset) og vidaregåande skule i same bygget.
- Auka samarbeid med Skjåk om koordinering av 17.maifeiring.
- Samarbeid med bygdamuseet om ulike tiltak i Presthaugen. Semje om å laga overordna plan.
- Prosess om eit framtidig diktarsenter held fram delvis parallelt med planleggjinga av fleirbrukshus.
- Ungdomsutveksling med ungdommar i Röttingen i Bayern, Tyskland. Lom ungdomsråd var i Röttingen i august. Gjensitt i Lom i november.
- Ungdomsrådet v. leiar og nestleiar fekk møte- og talerett i kommunestyret.
- Betre nettsider med den nye nettsida www.lom.no , men det blir framleis arbeidd for å betra sida.

Kommenterar til utviklingstrekk - oppvekst

- Stadige endringar i opplæringslov og forskrifter.
- Større lokal fridom, men også større statleg kontroll. Auka tilsyn frå fylkesmannen.
- Nye tiltak frå sentralt hald for å betre læringsresultat og læringsmiljø
- Statlege ordningar for vidareutdanning og etterutdanning av lærarar.
- Strengare kompetansekrav for å undervise. Sterkt fokus på resultat. Auka krav til rapportering og oppfølging. Årleg, lovpålagt rapport med informasjon om kvaliteten i skulen i den enkelte kommune.
- Ikkje lenger øymerka tilskot til barnehagen.
- Auka krav til kvalitetssystem i barnehagen, etter modell av skulen.
- Misforhold mellom tid til undervisning og andre pålagte oppgåver
- Misforhold mellom tid til pedagogisk utviklingsarbeid og administrative oppgåver.

6.1.3 Utfordringar framover

Utfordringar framover - kultur

- Halde fram kontakt med friviljuge lag og koordinering av aktivitetar og arrangement.
- Inspirere til aktivt friviljug arbeid i bygda.
- Halde fram prosessen med byggjing av fleirbrukshus med kulturhus (renovering av Lom samfunnshus) og påbygg til vidaregåande skule.
- Utvikle planar for og vonaleg realisering av eit diktarhus/litteratursenter. Få på plass samarbeidsformer, innhald, organisering og finansiering.
- Vera med å leggje til rette for større kulturhendingar som Diktardagar i Lom.
- Gjera Presthaugen til ein levande trivselsplass til ulike føremål i samarbeid med Lom bygdamuseum og Gudbrandsdalsmusea AS.

Laga overordna plan for Presthaugen.

- Leggje til rette for aktivitetar, tilbod og medråderett i plan og arbeid for dei unge i Lom.

Utfordringar framover - oppvekst

- Utvikle Lomsskulen slik politikarane (skuleeigar) ynskjer. Kva profil skal Lomsskulen ha?
- Hjelpe rektorar og styrar med oppgåver slik at tid kan frigjerast til utviklingsarbeid.
- Halde fram arbeidet med å utvikle system som står for lovlegheitskontroll.
- Auke kompetansen når det gjeld regelverket.
- Arbeide målretta for å skaffe kompetente lærarar. Fleire lærarar nærmar seg pensjonsalder.
- Sikre framdrift innan dei tre prosjekta ”Vurdering for læring”, ”Auka læringsutbytte” og ”Leiing og kvalitet i barnehagen.” Etterspørje resultat.
- Utvikle det regionale samarbeidet.
- Utvikle det tverrfaglege samarbeidet.

6.1.4 Resultatindikatorar for skulane i Lom

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm- gruppe 2010	Opp- land 2010	Heile landet 2010
Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbyggjar 6-15 år	98 223	101 474	102 513	103 336	107 415	101 309	93 956	88 514
Netto driftsutgifter til skulelokale, per innbyggjar 6-15 år	18 060	15 704	16 422	15 837	15 876	15 396
Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år	2 838	3 416	2 950	5 473	3 794	2 884	2 942	1 605
Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbyggjar 6-9 år	1 274	1 026	1 044	4 207	1 917	4 050	3 289	3 730
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, prosent	10,4	8,1	7,0	6,2	9,3	10,5	7,9	8,2
Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt	21,0	17,8	17,3	14,9	15,9	18,4	17,9	17,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning, per elev	76 617	78 650	79 687	81 094	86 969	82 765	77 457	72 247
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	3 022	3 111	2 585	1 852	2 343	1 868	1 619	1 491
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 1. til 4. årstrinn	10,4	10,2	9,4	11,0	11,8	13,2
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 5. til 7. årstrinn	13,3	9,4	12,9	11,2	12,4	13,2
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 8. til 10. årstrinn	11,8	12,2	12,0	10,5	11,7	12,5	13,3	14,9
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	39,7	38,3	39,6	38,1	39,8

6.1.5 *Rekneskapsoversikt*

Administrativ stab	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	3 907 779	3 689 180	218 599
Kjøp av varer og tenester	2 088 301	1 876 507	211 794
Kjøp av tenester frå andre	1 197 077	1 210 603	-13 526
Overføringar	2 455 234	2 667 400	-212 166
Finansutgifter/transaksjonar	640 437	115 000	525 437
Salsinntekter	-138 331	-65 000	-73 331
Refusjonar	-2 540 053	-2 062 379	-477 674
Overføringar	-574 500	-200 000	-374 500
Finansinntekter/transaksjonar	-152 117	-228 178	76 061
T o t a l t	6 883 829	7 003 133	-119 304

6.1.6 *Kommentarar til avvik*

Ingen store avvik

6.2 Støttefunksjonen

6.2.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggerane i kommunen. Støttefunksjonen har ansvaret for disse oppgåvene:

Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokettersyn av lønnsområde på arbeidsplassar i regionen) Lom kommune administrerer ordninga.

- Biblioteket
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- Servicetorg
- Skatteoppkrevjing
- Tilflytting (som ny teneste)

6.2.2 Kommentaarar til utviklingstrekk

- Krav til både ekstern- og intern informasjon er stor. Ny heimesideplattformer gjev det mogleg å gje betre informasjon både internt og eksternt. Vår heimeside vart rangert som 5. beste i Noreg i 2010. ein framgang på tre plassar frå 2009. Ei rangering av offentlege nettstader (ca 860 nettstader) som er gjennomført av Norge.no.
- Presset på den kommunale økonomi er stor. Sentrale styremakter signaliserer stramme budsjett. Det er og forventa auke i renteutgiftene.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.
- Det er eit "press" om utviding av det enkelte tenesteområde sine rammer. Dette set krav til ytterligere styrking av styringa i kommunen. For å møte dette må det til ei systematisk analyse av økonomi, kvalitets- og medarbeidarindikatorar.
- Godt besøk og utlån ved Lom folkebibliotek
- Det er stor aktivitet på fjernlån (innlån av bøker m.m. frå andre bibliotek)
- Biblioteket er mykje brukt av tilreisande for oppkopling mot internett
- Det er behov for å satse meir på formidling.
- Tett samarbeid med skulane fortsett.
- Godt samarbeid med dei andre biblioteka i regionen.
- Det blir arbeidd med vidareutvikling av Nasjonalparkbiblioteket.
- Det er auka krav til internkontroll i kommunal sektor. Støttefunksjonen har fått i oppdrag å vurdere implementering av elektronisk internkontrollsystem (kvalitet og HMS) i heile kommuneorganisasjonen.

6.2.3 Utfordringar framover

- Leggje til rette for månadsperiodiserte budsjett og endring av rapporteringsrutinar
- Lage standardrapportar for økonomisk rapportering frå økonomistyringssystemet
- Bokføringslova er frå 01.01.2011 gjeldande for kommunal sektor.
- Utforme ein produkt/tenestekatalog for Støttefunksjonen, som er ei oversikt over dei oppgåvene Støttefunksjonen yter til dei andre resultatområda.
- Styring og framdrift av mangearta oppgåver i Støttefunksjonen
- Vurdere nye bestillingsrutinar frå dei andre resultatområda på tenester som Støttefunksjonen skal yte
- Utviklinga av nytt intranett for heile kommunen er ikkje ferdigstilt, og må intensiverast framover.
- Gjennom informasjonsarbeidet, leggje til rette for god omdømebygging av kommunen, samt få synleggjort Lom kommune som arbeidsgjevar.

- Oppretthalde eit høgt nivå på tenester levert av biblioteket (Dobling av utlån og besøk frå år 2000).
- Bruk av sosiale media for å synleggjera Biblioteket sine tilbod.
- Deltaking i arbeidet med utvikling av ny arbeidsgjevarstrategi og strategisk kompetansestyring.
- Gjennomgang av lønsrutiner og sikring av disse.

6.2.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Res. 2009	Res. 2010	Mål 2010	
Brukarar økonomi-avdelinga	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå økonomiavdelinga?	4,8	5,1	4,9	
		Opplever du å ha den naudsynte kompetanse i økonomispørsmål og i bruk av økonomisystemet?	4,2	3,9	4,3	
		Opplever du at rekneskapan er ajour og fullstendig for å nytte han i den daglege økonomistyringa?	4,2	4,7	4,5	
	Målt kvalitet	Kredittid fordringar	27 dagar	33 dagar	32 dagar	
Brukarar løn og personal	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå løn og personal?	4,8	4,8	4,3	
		Opplever du å ha den naudsynte kompetanse i personalspørsmål og i bruk av personalsystemet?	3,4	3,9	4,0	
Brukarar Servicetorget	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå servicetorget?	4,5	4,8	4,2	
		Målt kvalitet	Restansar i sak/arkivsystemet	12%	15,3%	15%
		Andel saker handsama innan 14 dagar	46%	42,2%	80%	
Brukarar IKT	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå IKT?	5,0	5,1	5,0	
		Kor tilfreds er du med kommunens dataløysing og kommunens/regionens fagprogramløysingar?	4,0	4,2	4,5	
		Kor godt tykkjer du at arbeidsgjevar legg til rette for opplæring i dataløysing?	4,4	4,4	4,4	
Brukarar informasjon	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå informasjonsavdelinga?	4,7	4,0	4,7	
		Målt kvalitet	Total score i kvalitet på heimesida	88%	92%	85%
		Besøkande på kommunenettstaden pr. veke	11 071	2 112	15 000	
		Besøkande på Lom.no gjennomsnitt pr. veke	-	285	8 000	
Brukarar biblioteket	Målt kvalitet	Utlån pr. innbyggjar	Nr. 1 i Oppland	*)	Nr. 1 i Oppland	
Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	4,4	4,1	
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	4,0	5,0	
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,8	4,7	4,8	
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,1	5,0	5,0	
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,3 %	1,7%	2,0 %	
		Sjukefråvær langtid	5,3 %	2,9%	3,5 %	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	5,4	4,9	4,5	
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	5,1	4,6	4,1	

*) Bibliotekstatistikken for 2010 er ikkje klar.

6.2.5 Rekningsoversikt

Støttefunksjonen	Rekningskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	7 051 012	9 924 063	-2 873 051
Kjøp av varer og tenester	1 579 912	1 094 767	485 145
Kjøp av tenester frå andre	12 827 416	12 548 300	279 116
Overføringer	2 049 933	1 512 445	537 488
Finansutgifter/transaksjonar	20 149 958	23 044 195	-2 894 237
Salsinntekter	-17 097 473	-16 980 000	-117 473
Refusjonar	-8 248 900	-8 316 971	68 071
Overføringer	-106 713 633	-108 674 975	1 961 342
Finansinntekter/transaksjonar	-19 309 149	-21 045 710	1 736 561
Sum Støttefunksjon	-107 710 924	-106 893 886	-817 038

6.2.6 Resultatindikatorar (basert på Kostra-tal pr. 15. februar 2011)

Finansielle nøkkeltal	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.- gruppe 2010	Opp- land 2010	Heile landet 2010
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-4,3	-2,0	-2,7	2,7	0,9	1,8	1,5	1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,1	4,5	3,6	7,6	3,9	2,2	3,4	2,1
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	191,8	177,6	172,1	202,1	207,9	187,0	180,2	175,5
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	40,0	38,6	34,3	48,0	30,2	21,8	26,0	21,6
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	35 325	38 906	41 710	41 584	44 140	41 327	36 626	35 689
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	30 734	28 093	26 280	11 140	62 573	47 024	34 862	31 801

6.2.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
Tenesteleiar - årsverk	1	1	1	1	1
<u>Økonomiavdelinga:</u>					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Talet på bilag	11 405	11 433	11 513	11 754	12 079
<u>Sevicerorget:</u>					
Talet på årsverk	4,2	3,2	3,2	3,2	3,2
Talet på journalpostar	4 896	5 100	5 050	5 575	4 900
Søknader om etableringstilskot	23	18	10	12	Opphøyr
Søknader om skjenkeløyve	9	17	35	9	3
Talet på formannskapsmøte	22	20	21	24	17
Talet på kommunestyremøte	10	9	10	9	8
Talet på budsjettutvalsmøte	8	8	7	5	6
Talet på andre utvalsmøte	0	0	15	30	32

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Biblioteket:</u>					
Utlån pr innbyggjar	9,22	9,95	10,27	9,7	*)
Gjennomsnitt i Oppland	5,2	4,6	4,9	5,0	*)
Besøk pr innbyggjar	7,9	7,7	7,1	8,2	*)
Gjennomsnitt i Oppland	4,7	3,7	3,9	3,9	*)
<u>Personal:</u>					
Talet på årsverk	1	1	1	1	1
Talet på saker i adm.utvalet	2	9	6	4	3
Talet på saker i tilsettingsutvalet	53	60	46	45	37
Talet på faste tilsettingar	25	26	27	31	12
Talet på avslutta arbeidsforhold	18	16	13	17	23
<u>Arbeidsgjevarkontrollen:</u>					
Talet på årsverk	3	3	3	3	3
<u>Informasjon:</u>					
Talet på årsverk	1	1	1	1	1
Elektroniske skjema på heimesida	0	3	22	35	44
Vitjingar på heimesida, pr. veke	12 758	17 170	16 253	11 071	2 111
Total score frå Norge.no, prosent	69	52	53	88	92
Talet på utgåver av Lomsnytt	2	3	4	2	2

*) Bibliotekstatistikken for 2010 er ikkje klar.

6.2.8 Kommentarer til avvik

Lønsutgifter:

Det er endra rekneskapsføring av attendeførte middel frå KLP gjennom året, slik at budsjettet av denne posten ligg under ”overføringar” med kr 823 000. Etter dette er avviket på kr 1 600 000. Elles er det endra føresetnader på pensjonsutgifter i forhold til budsjettet. Kjøp av tenester frå Vågå kommune med kr 95 000 er bokført under posten ”kjøp av tenester frå andre”, og må sjåast mot lønsutgiftene.. Det blir elles mindre arbeidsgjevaravgift på grunn av lågare pensjonsutgifter. Elles er det fleire mindre postar som utgjer avviket.

Finansutgifter:

Det er kr 3 080 000 mindre overført til investeringsrekneskapsgrunna mindre investeringar. Det er avsett kr 875 000 meir enn budsjettet til næringsfond, der kr 650 000 er meiravsetjing til næringsfondet for meirinntekt av konsesjonsinntekter. Det er avsett kr 410 000 til bundne fond. Kr 277 000 i mindreutgift av renter og avdrag. Elles er det mindre avvik.

Postane ”overføringar”:

Rammetilskot og skatt på inntekt, formue og andre direkte og indirekte skattar må sjåast saman. Skatteinngangen vart for 2010 større enn forventa. Skatteinngangen blir justert mot posten ”inntektsutjamning”. Ved større skatteinngang blir ”inntektsutjamninga” mindre. Inntektsutjamning ligg i posten ”Rammetilskot”. Attendeført frå forsikringsselskapet er budsjettert under denne posten, sjå 1. setning under lønsutgifter for meir forklaring. Konsesjonsavgiftene (inntekt) er kr 415 000 større enn budsjettet.

Finansinntekter:

Renter på bankinnskot og eigne utlån er på ca kr 460 000 høgare enn budsjettet. Bruk av disposisjonsfond, næringsfond og andre bundne fond er ca kr 2 180 000 lågare enn budsjettet.

Målekart og nøkkeltal - informasjon

Den store nedgangen i talet på vitjingar på heimesida skuldast tre tilhøve:

- Statistikkverktøyet gjev eit riktigare inntrykk av besøket, den tidlegare løysinga overvurderte.
- Ei medveten nedprioritering av nyheiter frå distriktet, vi prøver ikkje lenger å vera nettavis.
- Ressursane er i staden sette inn på å legge til rette for universell utforming, god brukar-tilpassing og nyttig innhald som til saman gjev oss god score på DIFI si undersøking av kvalitet.

6.3 Loar skule

6.3.1 Hovudoppgåver

Hovudoppgåver Loar skule

- Loar skule skal leggje til tette for læring og utvikling for kvar enkelt elev (Loar skule som lærande organisasjon): Tilpassa opplæring i eit inkluderande og motiverande læringsmiljø.
- Loar skule skal vera ein skule med tryggleik, trivsel og omsorg der læring er meiningsfylt og samarbeid og inkludering er nøkkelord.
- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet/kvalitetssikre læringsmiljøet slik at dette blir ein realitet.
- Skapa eit læringsmiljø som gjer at elevane opplever meistring og tru på seg sjølve.
- Vidareutvikle vurderingsarbeidet: skal føre til auka læringsutbytte for elevane.
- Vidareutvikle vekeplanane med målbare læringsmål. Arbeide med nedbryting av læringsmåla (vurderingskriterier)
- Leggje til rette for godt samarbeid mellom heim og skule.
- Sikre gode overgangsordningar barnehage/ skule og barneskule/ ungdomsskule.
- Kompetanseheving av personalet (Loar skule er med på etterutdanninga "Auka læringsutbytte" og "Vurdering for læring".

Hovudoppgåver Lom musikk- og kulturskule

Hovudoppgåvene for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å kunne gje tilbod om opplæring innanfor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane. For å mangfaldig-gjera tilbodet, er ein heller ikkje framand for å freiste å skape interesse for aktivitetar som fram til nå ikkje har vore godt kjende/populære blant barn og unge.

Ein vil søkje å utvikle og forløyse kreativitetane hjå kvar enkelt elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleving av og interessa for ulike kulturaktivitetar.

Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er òg ei viktig oppgåve. Utanom å spegle glede og hyggje, vil vi òg på den måten stadfeste posisjonen vår i lokalmiljøet.

Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vera med på verdfulle fritidsaktivitetar.

6.3.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

Kommenterarar til utviklingstrekk Loar skule

- Kunnskapsløftet set store krav til skulen som kunnskapsformidlar og som læringsarena. Skulen skal vera ein arena for læring.
- Etter omorganiseringa gjeldande frå 01.08.09 har rektor fått utvida ansvar og fleire oppgåver og samstundes høve til meir direkte påverknad. Rektor "rår seg sjølv" i sterkare grad, noko som er ein motivasjonsfaktor.
- Lagleiarane (2): administrasjonsressurs inneverande skuleår tislvarande ca 3,85 % kvar (nedgang frå 2009/2010 da dei hadde 11 % kvar) for å avlaste rektor med administrative oppgåver.
- Krav til elev-vurdering og skulevurdering og dokumentasjon av dette har vorte større (ny vurderingsforskrift gjeldane frå 01.08.09). Vurderinga gjeld frå og med 1.klasse (nedbrotne læringsmål/vurderingskriterier)
- Større fokus på elevane sitt skulemiljø (Opplæringslova Kap.9a)
- Auka satsing på engelsk og matematikk i tillegg til norsk. Sterkare krav til læring. Krav om tilpassa opplæring gjeld alle elevane. Kompetansemåla i Kunnskapsløftet gjeld alle elevar!
- Meir systematisk bruk av resultat frå brukarundersøkjingar (som grunnlag for vidare utviklings-og forbetningsarbeid).

Kommentarar til utviklingstrekk Lom musikk- og kulturskule

- Tilstroyminga/søknaden til kulturskulen held seg på eit høgt og stabilt nivå.
- Det står folk på venteliste på dei fleste aktivitetane.
- Det er aukande interesse frå dei yngste for å kunne ta til i kulturskulen.

6.3.3 *Utfordringar framover*

Utfordringar framover Loar skule

- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane, og i særleg grad satsing på auka læringsutbytte i engelsk.
- Vidareutvikle vekeplanane med nedbrotne læringsmål (vurderingskriterier) slik at planane i enda sterkare grad blir læringsfremjande.
- Utvikle ein vurderingskultur (gjeld frå 1.klasse) gjennom framovermeldingar og undervegsvurdering slik at elevane får forståing av deira faglege ståstad i høve kompetansemåla i Kunnskapsløftet og kva dei må gjera for å nå desse måla.
- Leggje til rette for tilpassa opplæring (viktig med timar til deling i mindre grupper) for alle elevar (Opplæringslova § 1-3). Det er noko som heiter at ”saman er ein god stad å vera” og tilpassa opplæring gjeld den enkelte eleven i eit samarbeidande og inkluderande fellesskap.
- Arbeid med aktivisering av Skulemiljøutvalet blir viktig framover. Systematisk og grundig arbeid med det psykososiale miljøet er svært viktig (Opplæringslova, kap. 9a). Her kjem systematisk og grundig arbeid mot mobbing inn gjennom bevisst arbeid med mellom anna klassemiljøet, stor lærartettleik, gode inspeksjonsrutiner og godt samarbeid mellom heim og skule.
- Bevisst bruk av Pedit (læringsplattform) som informasjons- og kommunikasjonskanal.
- Gjennom ulike undersøkingar kjem det fram at både elevar og dei tilsette trivst godt. Vi må arbeide aktivt for høg trivsel i framtida, òg.
- Skulen har fleire framandspråklege elevar. Det er viktig for oss at dei skal trivast og kjenne at dei er inkluderte på Loar skule spesielt og i Lom generelt.
- Mange lærarar slit med å få nok tid til å gjera arbeidsoppgåvene som mellom anna Kunnskapsløftet, lover og forskrifter set krav til dei om. Bevisstgjerjing om korleis vi brukar tida vår er eit kontinuerleg arbeid.
- Gjennom god rekrutteringspolitikk og gode tilbod om etter- og vidareutdanning (innan prioriterte fag, viser til kompetanseplan) vil skulane i enda sterkare grad bli i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet. Gratis lekeshjelp for elevar i 1.-4.klasse komande skuleår må vera på ein slik måte at tiltaket blir læringsfremjande.
- Vidareutvikle både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet gjennom aktivt arbeid i skulekvardagen og gjennom arbeid i rådsorgana (elevrådet, FAU, Su og Skulemiljøutvalet).
- Areal situasjonen på Loar skule er ikkje er god nok. Behov for ekstra klasserom, rom for spesialtrening og lagerrom er reelt.
- Mange slit òg med inneklimate. Det vil bli arbeidd for å betre dette.
- Halde på, eller helst auke ressurstilgangen God lærartettleik er ein av suksessfaktorane for godt læringsutbytte.
- Opprette elektroniske mapper for alle elevar.
- Bruke resultat frå ulike brukarundersøkingar til vidare utviklings- og forbetningsarbeid.

Utfordringar framover Lom musikk- og kulturskule

Hovudutfordringa er å nå måla som er nemnde ovanfor. Vi vil vidare arbeide for å få betre tilgang på rom slik at fleire lærarar kan undervise parallelt. Dette har stor betydning for vidareutvikling av kulturskulen som institusjon og vi får eit betre lærarmiljø der det blir lettare å få diskutert ting i plenum i staden for å måtte vente til ein får kalla inn til læraramøte. Når fleire lærarar underviser samstundes vil det òg vera lettare å få til samspelgrupper, m.m.m.... Vi har behov for formingsrom bl.a. med vask.

Mål:

- å få til fleire samspelsgrupper.
- å leggje til rette for kurs og oppdatering for dei tilsette.
- å auke ressurstilgangen slik at vi
 - kan få til tilbod for yngre brukargrupper (yngre enn 3.kl)
 - kan opprette fleire tilbod.
- å vidareutvikle det faglege samarbeidet med andre kulturskular.
- å få til eit samarbeid med musikkhøgskule-studentane som har sitt utspring frå Lom musikk- og kulturskule.
- samordne stillingar med andre kultruskular/Vinstra vgs (musikklinja) for å få kvalifiserte folk til å undervise.

6.3.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,6	4,4	4,5
		Trivsel med lærar	4,4	4,3	4,6
		Mobbing på skulen	1,1	1,3	1,1
		Fagleg rettleiing av lærar	4,2	3,4	4,2
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,3	4,2	4,8
	Målt kvalitet	Nasjonale prøver; 5. steg rekning *)	19,0	7,7	19,0
		Nasjonale prøver; 5. steg lesing *)	38,0	16,0	20,0
Nasjonale prøver; 5. steg engelsk *)		57,0	16,0	20,0	
Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,2	4,9	4,9
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,8	3,5	3,9
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,2	3,5	3,8
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,0 %	0,4%	2,0 %
		Sjukefråvær langtid	3,7 %	4,2%	4,0 %
		Svarprosent med-arbeidarundersøking	82%	82%	92%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,7	4,7	4,6
		I kva grad legg arbeids-gjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2	4,2	4,1

*) Prosentdel som nådde det lågaste av tre meistringsnivå.

6.3.5 Rekneskapsversikt

Loar skule	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	11 599 510	12 151 300	-551 790
Kjøp av varer og tenester	2 338 411	2 409 682	-71 271
Kjøp av tenester frå andre	107 631	0	107 631
Overføringar	232 923	200 698	32 225
Finansutgifter/transaksjonar	100 000	0	100 000
Salsinntekter	-431 558	-380 400	-51 158
Refusjonar	-895 685	-1 036 500	140 815
Overføringar	-52 117	0	-52 117
Finansinntekter/transaksjonar	-10 098	-50 098	40 000
T o t a l t	12 989 017	13 294 682	-305 665

6.3.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 19.

6.3.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
Elvetal pr. 31.12	153	161	152	160	171
Talet på tilsette lærarar	19	18	17	19	17
Av dei kvinner/menn	18 / 1	17 / 1	14 / 3	16 / 3	15/2
Talet på tilsette assistentar				4	5
Lærartettleik	12	11	11	10	11
<u>Musikk- og kulturskulen:</u>					
Talet på elevar/elevplassar	124 / 146	132 / 149	97 / 107	103 / 112	105/120
Talet på lærarar/årsverk	11 / 2,38	15 / 2,46	9 / 2,46	10 / 2,45	9/2,46

6.3.8 Kommenterar til avvik

Teneste 2020, grunnskuleundervisning:

Hovudårsak til overskot tilsvarende kr 185.000,- er auking i refusjon frå andre kommunar (1755). I budsjettet er det lagt inn kr 170.000,-, medan rekneskapan syner refusjon tilsvarende kr 327.000,- som tilsvarende kr 157.000,- meir enn budsejtterte.

Teneste 2022, spesialundervisning:

Hovudårsak til overskot tilsvarende kr 100.00,- er lågare lønsutgifter enn forventa. Refusjonar (ikkje budsejtterte).

Teneste 2024, undervisning - Framandspråklege:

Hovudårsak til overskot tilsvarende kr 82.000,- er lågare lønsutgifter enn forventa.

Teneste 2150, skulefritidsordning:

Hovudårsak til underskotet på dette tenesteområdet er auka lønsutgifter som følge av fleire elevar med behov for 1:1-oppfølging.

6.4 Garmo oppvekstssenter

6.4.1 Hovudoppgåver

- Arbeide for å skape eit godt læringsmiljø gjennom mykje og god vaksenkontakt. Gje barna tru på seg sjølv og egne evner.
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- Arbeide aktivt for å gje elevane tilpassa opplæring og opplæringsmål gjennom heile året. Kvalitetssikre læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter.
- Leggje til rette for ein god og trygg overgang barnehage-skule.
- Leggje til rette for og gje ei fagleg opplæring som gjer at ein klarar å nå dei fleste måla i kunnskapsløftet. Viktig at elevane etter 7.steg er godt førebudde til ungdomsskulen.

6.4.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Krav om dokumentasjon av elev – og skulevurdering.
- Rektor brukar meir og meir tid på administrative oppgåver.
- Kvalitetutvikling. Med bakgrunn i Stortingsmelding nr. 41: ”Kvalitet i barnehagen”, skal barnehagane i Lom kommune vere med i eit kvalitetsutviklingsprogram.(Oppstart oktober 2010) Målet er å skape ei felles plattform for leing og utvikling av kvalitet og innhald i barnehagane.
- Større andel små ungar som blir søkt inn i barnehagen.
- Utvikle vurderingspraksis som skal føre til meir og betre læring. Skule deltek i programmet ”Vurdering for læring”.
- Meir systematisk bruk av resultat av diverse brukarundersøkingar. Dette skal brukast aktivt i utviklingsarbeid og arbeid med å betre kvalitet på ulike område. Ståstadsanalyse vil bli gjennomført f.o.m 2011. Dette er eit verkty som kan gje støtte til å velge ut forbetningsområder som skule vil prioritere å arbeide med.

6.4.3 Utfordringar framover

- Arbeide systematisk for å opparbeide og utvikle ein god vurderingskultur.
- Ny organisering av tilbodet gratis leksehjelp frå 01.08.11. 1 t/veka til leksehjelp for elevar på 1.-4.årssteg skal vere med pedagog. Dette for at leksehjelp tydelegare skal framstå som ein læringsfremjande aktivitet.
- Leggje til rette for meir alderdeling i barnehagegruppa.. Bibliotek er teke i bruk.. Støydemping må til i biblioteket for at det skal bli tenleg som lokale for elevar og barnehageungar.
- Sikre god organisering og ressursbruk 2011/12.. Viktig å få til god ressursfordeling med tanke på dlingstimar og spesialundervisning, samt personalressursar. Personal som er knytt opp både i barnehage og skule.
- Vidareutvikle læringsplattforma PedIt. Det har vore ein del utfordringar i samband medoppgradering av denne. Tanken er å knyte PedIt enda meir opptil skulearbeid. Den tidlegare papirutgava av avisa ”Garmo-nytt” blir bytt ut. Elevar skal produsere stoff som skal leggjast ut på læringsplattforma.
- Rektor som synlegare pådrivar/motivator i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehage og skule.
- Viktig å knyte til seg god kompetanse i personalet.Sikre stabilitet i personalet. Det har vore mykje bruk av vikarar i 2010.
- Enda større fokus på set psykososiale skulemiljøet.

6.4.4 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukar skule	Opplevd kvalitet	Trivsel på skulen	*)	*)	4,5
		Sosial trivsel	*)	*)	*)
		Fagleg rettleiing av lærar	*)	*)	*)
		Mobbing på skulen	*)	*)	*)
		Tilfreds med dialog heim- skule	*)	4,8	5,5
	Målt kvalitet	Nasjonale prøver; 5. steg rekning 1)	15,0	22,2	15,0
		Nasjonale prøver; 5. steg lesing 1)	0,0	11,0	20,0
Nasjonale prøver; 5. steg engelsk 1)		0,0	11,1	20,0	
Brukar barnehage	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	6,0	5,5
		Foreldra sine moglegheiter for medinnflytelse	4,8	4,5	4,5
		Respektfull behandling av barnet	5,5	5,5	5,5
		Barnehagen sitt bidrag til språkutviklinga til barnet	0,5	5,0	5,1
	Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste	0	0	0
		Kor mange barn når aldersrelevante språkmål før skulestart	80%	80%	80%
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,4	5,3	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,9	3,9	3,9
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	4,1	4,1	3,8
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,9 %	2,4 %	6,5 %
		Sjukefråvær langtid	3,0 %	1,4 %	2,0 %
		Svarprosent medarbeidarundersøking	100	100	91
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,5	4,5	4,5
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,5	4,5	4,1

*) Kan ikkje offentleggjerast på grunn av personvern

1) Prosentdel som nådde det lågaste av tre meistringsnivå.

6.4.5 Rekneskapsversikt

Garmo oppvekstssenter	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	5 469 526	4 863 088	606 438
Kjøp av varer og tenester	1 227 344	1 088 793	138 551
Kjøp av tenester frå andre	2 020	0	2 020
Overføringar	82 486	156 000	-73 514
Salsinntekter	-373 646	-402 700	29 054
Refusjonar	-1 261 134	-1 106 000	-155 134
Overføringar	-308 933	0	-308 933
Finansinntekter/transaksjonar	-35 000	-35 000	0
T o t a l t	4 802 662	4 564 181	238 481

6.4.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 19.

Resultatindikatorane for barnehagane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.6.6 på sidene 36-37.

6.4.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
Garmo barnehage:					
Talet på avdelingar	1	1	1	1	1
Talet på årsverk, pedagogar	1,00	1,07	1,00	1,30	1,10
Talet på årsverk, fagarbeidarar	1,30	2,40	2,00	2,00	2,10
Talet på årsverk, ufaglærte	0,00	0,00	0,50	0,50	0,70
Sum talet på årsverk	2,30	3,47	3,50	3,80	3,90
Talet på barn under 3 år	1	3	4	3	4
Talet på barn over 3 år	10	13	13	13	14
Sum talet på barn	11	16	17	16	18
Garmo skule:					
Elvetal pr. 01.10	37	33	32	33	33
Talet på tilsette lærarar	6	7	6	6	6
Av dei kvinner/menn	4 / 2	5 / 2	4 / 2	4 / 2	4/2
Talet på tilsette assistentar				3	3
Lærartettleik	8,2	7,6	6,8	7,4	7,6

6.4.8 Kommenterar til avvik

- Avvik i budsjett/ rekneskap. Underskot på lønsbudsjett på kr.606.438. Dette må sjåast i samanheng med refusjon av sjuke- og fødselspenar på kr. 360.000. Det reelle avviket blir da redusert til kr.246.438.
- Det har vore eit overforbruk i vikarutgifter (spesielt i barnehagen) + avtalefesta pensjon. Beløpet tilsvarar ca.kr. 206.000.
- Overforbruk på artane 120/1201 kan forklarast ved oppgradering av skulekjøken,kr.20.000 og innkjøp av elevstolar kr.25.000. Elles har det vore store utgifter til skuleskyss og straum i 2010.

6.5 Lom ungdomsskule

6.5.1 *Hovudoppgåver*

- Kvalitetssikring av læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter.
- Tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring.
- Etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet i høve til måla i Kunnskapsløftet.

6.5.2 *Kommentarar til utviklingstrekk*

Skilnaden mellom elevane i møte med skulen er blitt større. Større skilnader i oppfølging av elevane frå heimane. "Eit uroleg samfunn" verkar inn på elevane si læring. Informasjonsstraumen og tilgjenge til media skaper behov for grensesetting og etiske retningslinjer.

Krav til skulen som arena for fagleg læring

Skulen må og skal prioritere den faglige opplæringa slik at ein klarer å nå dei fleste måla i fagplanen. Krav om dokumentasjon av elev- og skulevurdering. Krav til kommunen om eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslov og forskrift blir fylgde.

Frå 2005 og fram til 2008 var det ei sterk auke i spesialundervisninga. Men frå skuleåret 2009/2010 har dette endra seg. Spesialundervisninga er langt på veg halvert.

6.5.3 *Utfordringar framover*

- Leggjje til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved "undervegsvurdering" av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattforma It's learning slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy.
- Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Lette det administrative arbeidet for rektorane ved innføring og bruk av Visma.
- Opprette elektroniske mapper for elevane slik at det skal bli ein meir forsvarleg arkivering av elevdata.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følgje opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Førebu heildagsskulen ved blant anna å tilby leksehjelp etter skuletid.
- Det er eit godt læringsmiljø på skulen, men det er eit lite fåtal av elevar som seier dei er utsette for mobbing. Ein som blir mobba er ein for mykje. Skulen har laga ein mobbeplan, men det viktigaste tiltaket for å hindre mobbing er stor lærartettleik, mange vaksne ute i friminutta, samtale om mobbing og bevisstgjerjing av elevane.
- Mange elevar slit sosialt og psykisk.. Det er behov for å styrke helsesystem si stilling ved skulen. Det kan og vere eit alternativ å få tilsett ein sosiallærer.
- Mange lærarar klagar på stort arbeidspress og tidspress. Kravet til dokumentasjon tek mykje tid frå lærarane.
- Skulen har fått fleire framandspråklege elevar. Det er ei utfordring for oss å få desse elevane gjennom ungdomsskulen slik at dei kan få godkjent vitnemål etter 10. klasse som kan føre dei vidare i det norske utdanningssystemet. Vi strevar og med å få desse elevane integrerte saman med dei andre elevane.
- Fylkesmannen hadde tilsyn på skulen i 2009 der skulen fekk merknad fordi ein i dei skriftlege faga organiserte undervisninga i permanente grupper. Skulen hadde eit nytt tilsyn våren 2010. Der fekk skulen ros for endringane som har vorte gjort med omsyn til permanente grupper.

6.5.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,4	4,6	4,6
		Trivsel med lærarane	4,1	4,0	4,2
		Mobbing på skulen	1,2	1,2	1,2
		Fagleg rettleiing av lærar	3,2	3,2	3,4
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,5	4,1	4,3
	Målt kvalitet	Gjennomsnitt grunnskulepoeng	38,3	39,6	39,0
		Nasjonale prøver; 8. steg rekning *)	26,9	25,0	25,0
		Nasjonale prøver; 8. steg lesing *)	27,7	9,0	15,0
		Nasjonale prøver; 8. steg engelsk *)	29,6	13,6	30,0
		Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,4
Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	5,3			5,3	5,4
I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,7			4,0	3,5
Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		0,9 %	0,8%	2,0 %
	Sjukefråvær langtid		1,5 %	0,7%	3,5 %
	Svarprosent medarbeidarundersøking		85%	85%	85%
	Læring og fornying		Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	5,1
I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?		4,5		5,0	4,5

*) Prosentdel som var på dei to lågaste nivåa av fem nivå.

6.5.5 Rekneskapsversikt

Lom ungdomsskule	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	8 226 263	8 365 800	-139 537
Kjøp av varer og tenester	3 258 000	3 135 973	122 027
Kjøp av tenester frå andre	565 337	530 000	35 337
Overføringar	412 003	530 400	-118 397
Finansutgifter/transaksjonar	155 000	0	155 000
Salsinntekter	-522 072	-525 000	2 929
Refusjonar	-556 291	-772 500	216 209
Overføringar	-11 000	0	-11 000
Finansinntekter/transaksjonar	-25 000	-25 000	0
T o t a l t	11 502 241	11 239 673	262 568

6.5.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 19.

6.5.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Lom ungdomsskule:</u>					
Elvetal pr. 01.10	98	88	104	105	97
Talet på tilsette lærarar	17	18	19	18	16
Av dei kvinner/menn	11 / 6	13 / 5	12 / 7	12 / 6	11
Talet på tilsette assistentar				2	4
Lærartettleik	13,9	11,6	11,0	11,8	12,2
<u>Vaksenopplæringa:</u>					
Talet på elevar/elevplassar	124/146	132/149	97/107		16
Talet på lærarar/årsverk	11/2,38	15/2,46	9/2,46	2/1,20	1

6.5.8 Kommenterar til avvik

- Avvik budsjett/rekneskap. Lønsbudsjettet for 2010 fekk eit overskot på ca 80.000 medan refusjonane er mindre enn budsjettet, noko over 200.000.
- Det var og eit overforbruk på kjøp av varer og tenester. Her er det auka utgifter til skuleskiss og straum som dreg opp. Spesielt har det vore større utgifter til straum enn det som er lagt inn på budsjettet.
- Det er ført opp 155.000 til finansutgifter/transaksjonar. Det samla avviket for ungdomsskulen blir da på kr. 320.568

6.6 Loar barnehage

6.6.1 Hovudoppgåver

Barnehagen sitt samfunnsmandat:

”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”, Barnehageloven § 1.

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

”Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for berekraftig utvikling”, Barnehageloven § 2.

I tillegg skal barnehagane følge dei retningslinjer som Rammeplanen for barnehagen gjev.

6.6.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Mange færre barn i barnehagen barnehageåret 2010-2011 enn barnehageåret før.
- Barnehagen i Bøverdalen flytta frå Odda skule til Leirmo i november.
- Stadig større fokus på kvalitet på innhaldet i barnehagen; frå føresette, kommune og stat.
- Barnehagane gjennomfører eit utviklingsprogram; ”Kvalitet og leing i barnehagen ” haust 2010-vår 2011.

6.6.3 Utfordringar framover

- Store variasjonar i barnetalet frå år til år, skaper utfordringar i forhold til organisering, bemanning og økonomi.
- Imøtekome krav og forventningar om kvalitet i innhaldet i barnehagen. Dette krev meir planlegging, dokumentasjon og pedagogisk utviklingsarbeid. Utfordrande å finne tid til dette.

6.6.4 Målekart

	Kritisk		Resultat	Resultat	Mål
Fokusområde	suksessfaktor	Indikator	2009	2010	2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,3	5,4	5,5
		Foreldra sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet	4,1	4,5	4,8
		Respektfull behandling av barnet	5,1	5,3	5,5
		Barnehagens bidrag til språkutviklinga til barnet	4,6	5,0	5,0
	Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste	0	0	0
		Kor mange barn når aldersrelevante språkmål før skulestart	90%	90%	80%
Ressursstyring	Prioritering	Korrigerte brutto driftsutgifter pr korrigert opphaldstime	55,00	64,00	

	Kritisk		Resultat	Resultat	Mål
Fokusområde	suksessfaktor	Indikator	2009	2010	2010
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,9	4,9	5,0
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,7	4,4	3,8
	Målt kvalitet	Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,3	4,7	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	4,7	4,8	4,9
		Samarbeid/trivsel med kolleger	4,6	4,9	5,0
		Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,8	5,0	5,0
		Sjukefråvær korttid	2,1 %	1,7%	2,5 %
	Sjukefråvær langtid	8,3 %	4,4%	5,0 %	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	Svarprosent medarbeidarundersøking	89%	83%	85%
		Fagleg og personleg utvikling	4,1	4,4	4,3
		I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,2	4,7	4,5
	Målt kvalitet	I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,0	4,2	4,0
	Gjennomførte kompetansetiltak i høve til overordna plan	80%	90%	100%	

6.6.5 Rekneskapsoversikt

Loar barnehage	Rekneskap	Buds(end)	Avvik
	2010	2010	
Lønsutgifter	9 325 464	9 012 727	312 737
Kjøp av varer og tenester	2 050 984	2 086 855	-35 871
Kjøp av tenester frå andre	0	10 000	-10 000
Overføringar	249 623	43 600	206 023
Finansutgifter/transaksjonar	3 000	3 000	0
Salsinntekter	-1 809 302	-1 903 765	94 463
Refusjonar	-5 232 872	-5 521 235	288 363
Overføringar	-1 213 280	0	-1 213 280
Finansinntekter/transaksjonar	-898 587	-930 000	31 413
T o t a l t	2 475 031	2 801 182	-326 151

6.6.6 Resultatindikatorar	Lom	Lom	Lom	Skjåk	Vågå	Komm.-	Opp-	Heile
	2008	2009	2010	2010	2010	gruppe	land	landet
						2010	2010	2010
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	23 095	31 600	39 491	31 431	33 117	19 820	17 626	18 813
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	110 796	124 330	144 720	136 464	137 583	133 241	133 507	141 753
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert opphaldstime (kr)	49	55	64	53	59	48	49	47

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.- gruppe 2010	Opp- land 2010	Heile landet 2010
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	84,1	85,8	86,1	81,7	87,8	90,0	89,9	89,2
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	72	72	71,5	70,1	73,0	75,9	76,1	75,0
Andel tilsette med førskulelærerutdanning	35,3	39,5	33,3	44,8	49,2	29,4	32,4	32,1
Andel tilsette med anna pedagogisk utdanning	2,9	2,6	3,3	..	1,5	3,8	4,7	4,0
Andel assistentar med førskulelærer- utdanning, fagutdanning, eller anna pedagogisk utdanning	61,9	76,2	93,8	44,4	55,9	33,2	37,5	24,3

6.6.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Loar barnehage:</u>					
Talet på avdelingar	5	5	5	5	5
Talet på årsverk, pedagogar	6,0	6,0	6,2	6,0	6,2
Talet på årsverk, fagarbeidarar	8,3	12,4	7,8	10,8	8,2
Talet på årsverk, ufaglærte	1,0	1,0	4,6	0,8	0,8
Talet på årsverk, spesialpedagogar			0,5	0,5	0,5
Sum talet på årsverk	15,3	19,4	19,1	18,1	15,7
Talet på barn under 3 år	21	21	21	15	16
Talet på barn over 3 år	62	69	65	65	51
Sum talet på barn	83	90	86	80	67
<u>Odda barnehage: *)</u>					
Talet på avdelingar			1	1	1
Talet på årsverk, pedagogar			1	1	1
Talet på årsverk, faglærte			0,60	0,93	1,43
Sum talet på årsverk			1,60	1,93	2,43
Talet på barn under 3 år			0	2	4
Talet på barn over 3 år			6	5	5
Sum talet på barn			6	7	9

*) Odda barnehage vart oppretta som kommunal barnehage i 2008.

6.6.8 Kommenterar til avvik

Ingen store avvik.

6.7 Miljø, teknisk, næring

6.7.1 Hovudoppgåver

Tenesteområdet har ansvar for arealplanarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester, vaktmeistertenesta, reinhald, byggesaksbehandling, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskadar og ulykker. Utviklingsprosjektet "Liv i Lom" ligg også under tenesteområdet.

6.7.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Øyvind Pedersen slutta i stillinga som plan- og utviklingssjef i mars 2010. Etter denne tid har leiaroppgåvene som ei mellombels løysing vore delt mellom Terje Hoel (teknisk) og Sander Sælthun (næring, plan/ miljø). Det blir arbeidd med rekruttering til leiarstillinga.
- Åge Johannes Jamtveit slutta i stillinga som GIS/landmålar desember 2010. Rekruttering til stillinga har vore prøvd utan resultat. Stillinga er delvis ubesett, oppgåvene blir mellombels løyst med kjøp av teneste frå private.
- Grunna avviking av omsorgspermisjon, vart det kjøpt noko tenester frå Skjåk kommune på området jordbruk i 2010.
- Landbruket i Lom er i sterk endring, og i året som har gått har det vore ein tydelig reduksjon i antal mjølkeprodusenter i Lom kommune. Samtidig har fleire gardbrukarar utvida produksjonen sin og har investert i driftapparatet ved hjelp av BU-ordninga. Arbeidet med å fremme BU-søknader har difor vore prioritert og har gitt resultat.
- Endringer i m.a. konsesjonslova og jordlova vart gjort gjeldande frå 1. juni 2009, og ny praksis for bruken av regelverket vart utvikla ved handsaming av nye søknader.
- Lom brann- og fjellredningsstasjon vart utbygd i 2010 med kostnad 4,8 mill. kr. Dette gjev gode betingelsar for beredskap med brannvesen og frivillig redningsarbeid.
- Trafikksikringsplan med revidert handlingsprogram vart vedteke av kommunestyret 16.12.2010.
- Verneområda i Reinheimen vart også i 2010 forvalta etter ein forvaltningsmodell der kvar kommune er forvaltningsmyndigheit for sine areal i verneområdet. Ordninga er under omlegging, og tenesteininga har arbeidd med oppfølging av prosessane i samband med etablering av ny forvaltningsmodell for verneområda.
- Energi- og klimaplan for Lom vart vedteken i juni 2010. Utfordringa framover vil ligge i å sette tiltaka i planen ut i livet.
- Arbeidet med tildeling av offisielle vegadresser vart arbeidd med i 2010, og vil bli slutført i 2011. Alle vegar i kommunen er tildelt offisielt vegnamn, og er skilta. Alle bustadar, gardsbruk, verksemdar, offentlege bygg, fritidsbustadar m.m. vil få tildelt offisielt husnummer.
- Arbeidet med utarbeiding av digitalt kartverk for kommunale VA- leidningsnett og registreringar av alle kummar m.m. vart i hovudsak (90 %) ferdigstilt i 2010.
- Bjarne Eiolf Holø vikarierte for næringssjef Torill Bye Wilhelmsen fram til 1. august 2010. Viktige satsingsområde innan generell næringsutvikling har vore førstelineteneste for etablerarar, bedriftsrådgjeving og inspirasjonskveldar for nyetablerarar og bedrifter (i samarbeid med Vågå) og undervisning i entreprenørskap på 8-10 trinn i ungdomsskulen. Det 3-årige prosjektet Mat langs nasjonale turistvegar starta opp i oktober, prosjektleiar har kontorstad Lom og næringssjefen er leiar i den lokale styringsgruppa for prosjektet. Prøveår for oppdragsavtale med Næringshagen i Nord-Gudbrandsdal. Frå hausten var det auka fokus på bedriftsbesøk til eksisterande næringsliv og oppstart av næringskafé på Bakeriet i Lom annakvar veke, samt kontakt med konkrete aktørar for å få tilflytting av kompetansearbeidsplassar til Lom.
- Aktiviteten i utviklingsprosjektet "Liv i Lom" har vore stor også i 2010. Idéutviklar Gry Bystøl har vore prosjektleiar i år, Torill Bye Wilhelmsen har vore ute i fødselspermisjon. Omstrukturering av prosjektet tidleg på året for å få auka fokus på nasjonalparklandsby. Dette har ført til: Turstighbrosjyre og informasjonstavler for turstignettet rundt Fossbergom, nasjonalparklandsby-skilt ved innfartsårene til sentrum, nasjonalparklandsbydag, vertskapskurs for reiselivet, språkkurs i spansk med nasjonalpark-vri. Av arrangement kan Vinterfestivalen Bøverbrus nemnast spesielt, med seminar om vern og verdiskaping. Utviklingsarbeid i nettverket for Noregs nasjonalparklandsbyar og erfaringsutveksling mot andre prosjekt har blitt prioritert.

6.7.3 Utfordringar framover

- Lom kommune tok i desember 2009 initiativ til ein regional prosess for å vurdere eit tettare samarbeid omkring landbruks- og næringsutvikling. Tilbakemeldinga frå regionrådet er at ein ikkje ser det naturleg å gå vidare med ein regional prosess omkring eit formelt samarbeid om landbruks- og næringskontor. Dermed blir ordninga med eige landbrukskontor i kommunen vidareført, dette krev at tenesteområdet har nok ressursar for å løyse oppgåvene knytt til landbruksforvaltning. Det blir ei utfordring for tenesteområdet å ha nok personalressursar til arbeidet med å fremme BU-søknader og etterkome forventningar til utviklingsarbeid.
- Ny forvaltningsmodell for nasjonalparkane er under etablering. Forvaltningsstyret for Breheimen vart konstituert 16. januar 2011, etter planen vil forvaltningsstyre for Jotunheimen og for Reinheimen også bli etablert i løpet av 2011. Alle detaljar omkring den nye forvaltningsordninga er ikkje på plass, m.a. gjeld det kommunen sin deltaking i rådgjevande/faglege utval.
- Karakteriseringa av alle vassførekomstar i kommunen skal vidareførast i 2011. Arbeidet skjer i regi av Vassdragsforbundet og Fylkesmannen, og med kommunen som bidragsytar.
- Arbeidet med "Kommunedelplan for avlaup" er slutført i 2010 med handlingsplan for myndighetsoppfølging og rehabilitering og utbygging av kommunale anlegg. Planen skal behandlast i medhald av plan- og bygningslova.
- Store utbyggingsprosjekt som renovering av reinseanlegga i Garmo og på Leirmo og utbygging av omsorgsbustadar og fleirbrukshall, skal gjennomførast i kommunal regi dei næraste åra med medverknad frå tenesteeininga. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære oppgåvene ved eininga.
- Auka bygningsmasse og vedlikehaldsbehov, skapar utfordringar for vaktmeistertenesta og reinhaldspersonalet. Det er behov for evaluering av reinhaldstenesta i forhold til areal og standard.
- Etter kartlegging av område med skredfare i kommunen er det behov for gjennomføring av sikringstiltak i rasutsette område. Utsikter til klimaendringar og forsterka krav i lovverk gjer at tenesteeininga må sette enda sterkare fokus på dette framover.
- Med bakgrunn i større utbyggingsprosjekt, tiltak med ras- og skred samt betydeleg etterslep, er det vesentleg at ressurs til arealplanlegging blir prioritert.
- Tenesteområdet har fleire fagområde med behov for kompetansearbeidskraft. Oppgåvetilfanget er også på mange område større enn det dei tilsette har mogelegheit til å ta unna. For å oppretthalde gode tenestetilbod og utøving av forvaltningsmynde, er det ei utfordring og organisere og prioritere personalressursane og å rekruttere og behalde kompetanse.

6.7.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	Resultat for brukarane, byggjesak	5,1	5,2	5,0
		Generell oppleving av kvalitet, byggjesak	5,0	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vassstrykk	5,1	5,5	4,5
		Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet	5,5	5,4	4,5
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup tillit og respekt	5,4	5,4	4,5
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge	4,6	4,2	4,5
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon	4,7	4,7	4,5
Målt kvalitet		Andel vassprøver som tilfredsstillar krav i forskrift	100%	100%	100%
		Andel avlaupsprøver som tilfredsstillar krav i forskrift	100%	100%	100%
Avklaring av forventning		Andel tenestestader med serviceerklæring	10%	10%	30%

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Ressursstyring	Prioritering	Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad	100%	100%	100%
		Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad	100%	100%	100%
		Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad	100%	100%	100%
		Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad	100%	100%	100%
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	4,8	4,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,8	3,9	4,0
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,8	5,0	4,5
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,3	5,1	5,0
		I kva for grad tru du at arbeidsplassen har eit godt omdøme blant inn-byggjarane i kommunen	4,0	4,6	4,0
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,1 %	2,2 %	3,5 %
		Sjukefråvær langtid	2,7 %	7,9 %	5,5 %
		Svarprosent medarbeidarundersøking	48%	48%	80%
		Andel gjennomførte medarbeidersamtalar	100%	85%	100%
		Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,5
Målt kvalitet	Gjennomførte kompetansetiltak i høve til overordna kompetanseplan	I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,8	4,2	4,0
		80%	80%	100%	

6.7.5 Rekneskapsoversikt

Miljø, teknisk, næring	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	12 988 932	13 341 864	-352 932
Kjøp av varer og tenester	8 486 936	8 539 648	-52 712
Kjøp av tenester frå andre	6 650 706	7 470 617	-819 911
Overføringar	3 361 872	2 720 275	641 597
Finansutgifter/transaksjonar	2 591 471	1 448 000	1 143 471
Salsinntekter	-11 227 411	-10 600 000	-627 411
Refusjonar	-7 823 463	-6 679 500	-1 143 963
Overføringar	-2 285 017	-2 425 662	140 645
Finansinntekter/transaksjonar	-4 813 255	-6 250 468	1 437 213
T o t a l t	7 930 771	7 564 774	365 997

6.7.6 Resultatindikatorar

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.-gruppe 2010	Oppland 2010	Heile landet 2010
Årsgebyr for vassforsyning	2 884	3 016	2 492	1 780	4 248	3 212	3 066	2 792
Årsgebyr for avlaupstenesta	4 071	4 248	3 542	4 700	4 104	3 425	4 200	3 186
Årsgebyr for avfallstjenesta	1 705	2 000	2 120	2 049	2 215	2 358	2 045	2 407
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdagar)	10	8	14	11	20	28	38	40
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplanar (kalenderdagar)	90	104	-	-	268	316	309	400
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdagar)	275	138	25	90	90	64	62	69

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.- gruppe 2010	Oppland 2010	Heile landet 2010
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	59 394	43 273	35 031	33 412	77 692	65 820	86 813	129 280

6.7.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Talet på tilsette:</u>					
I kommunehuset (Midtgard)	10	10	9	9	9
Utanfor kommunehuset (Midtgard)	20	20	23	23	24
I prosjektstillingar	1	3	3	1	1
<u>Sakshandsaming:</u>					
Journalpostar (inn- og utgåande post)	-	2 500	2 312	2 279	2 140
Talet på byggjesaker	70	64	87	91	105
Talet på vedtekne kommuneplanar	0	2	0	0	0
Talet på vedtekne reguleringsplanar	5	4	2	1	0
Talet på målebrev	44	37	38	39	14
Talet på jordlovssaker og konsesjonssaker	13	15	10	14	14
Talet på søknadar om produksjonstilskot	162	162	151	143	151
Brutto produksjonstilskot (tal i millionar kroner)	28,6	29,5	29,5	31,0	33,6
Regionale miljøtilskot (tal i milionar kroner)	1,5	1,5	1,6	1,6	1,6
Talet på utsendte gardskart til gardbrukarar	-	505	203	0	0
Talet på gardskart, innkomne svar	-	259	0	0	0
Talet på gardskart med rettingar	-	205	34	30	20
Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark	10	14	20	16	25
<u>Drift av kommunaltekniske anlegg:</u>					
Talet på anlegg for kommunal vassforsyning	4	4	4	4	4
Talet på kommunale reinseanlegg	4	4	4	4	4
Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avlaupsnett	1 186	1 186	1 197	1 200	1 210
Talet på innbyggjarar ikkje knytt til kommunalt avlaup	1 269	1 250	1 210	1 205	1 200

6.7.8 Kommenterar til avvik

Lønsutgifter:

Meirforbruk kjem i hovudsak av vikarbehov ved sjukemeldingar og permisjonar, og må sjåast i samband med auka inntekter frå refusjonar.

Overføringar:

Meir i momsrefusjon enn budsjettert. Dessutan skjedde delutbetaling av driftsstøtte for 2. halvår 2009 til Jotunheimen Reiseliv først i februar 2010.

Finansutgifter/transaksjonar:

Sjølvkostrekneskap vatn og avlaup medfører overdekking på vel 1 million kr. for 2009 som overførast fond.

Refusjonar:

Større beløp i refusjonar i samband med sjukefråver og svangerskaps-/omsorgspermisjonar enn budsjettert.

Refusjon frå Staten til kommunen i samband med lokal forvaltning av Reinheimen (kr. 193.200) og utgifter i samband med arrangement ved opninga Breheimen nasjonalpark.

Salsinntekter:

Meirinntekter på behandlingsgebyr for byggesak og gebyr for oppmåling i forhold til budsjettert.

6.8 Helse og velferd

6.8.1 Hovudoppgåver

Etter kommunehelsetenestelova – å sørge for helsetenester for å fremje folkehelse, trivnad, gode sosiale og miljømessige tilhøve, førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte.

Etter sosialtenestelova – å fremje økonomisk og sosial tryggleik, sikre gode levekår for vanskeleg-stilte, bidra til auka likeverd og likestilling, førebyggje sosiale problem og bidra til at den einskilde kan få eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. NAV er ein god reiskap i dette arbeidet da formålet med reformen er å:

- få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
- gjera det enklare for brukarane og tilpasse forvaltninga til brukarane sitt behov
- få ein heilheitleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Etter barnevernlova – sikre at barn og unge som lever under forhold som kan vera til skade for deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid og sikre dei trygge oppvekst-vilkår.

Flyktingtenesta har til hovudoppgåve å busetja og kvalifisere flyktningar innanfor integreringsperioda som er begrensa til 5 år. Flyktingtenesta er også ansvarleg for kommunen sitt “Introduksjonsprogram for flyktningar,” der målsetjinga er å styrke flyktningar sin moglegheit for deltaking i yrkes- og samfunnslivet, samt deira økonomiske sjølvstende.

Vaktsentralen – har som hovudoppgåver legevaktvarsling, tryggleiksalarmar, elverks-alarmar, andre type alarmmottak og kommunen sitt sentralbord.

6.8.2 Kommenterar til utviklingstrekk

Interkommunalt og regionalt samarbeid blir meir og meir aktuelt og har utvikla seg mykje dei siste åra. Det er frå før etablert samarbeid med Skjåk kommune på følgjande områder; psykisk helsearbeid, barnevern og flyktingtenesta. Det er etablert regionalt jordmrvakt og frå 15.01.11 også legevakt. Det er etablert eit tett samarbeid innan helse- og omsorgsområdet i regionen – 6K-Helse som består av leiarane på helseområdet i dei 6 kommunane og prosjektleiar ved LMS (lokalmedisinsk senter) har faste månadlege møter der felles utfordringar blir drøfta.

Bygginga av LMS på Otta vart fullført våren 2010. Fleire spesialistar har i løpet av 2010 etablert avtaler med LMS'et, og regional legevakt vart sett i drift 15. januar 2011. Arbeidet med avtaler for dei intermediære sengane på LMS'et er i gang og forventast vera på plass i løpet av 1. halvår 2011.

Det er også i gang prosessar for interkommunalt samarbeid på andre fagområde; t.d. samfunnsmedisin, undervisningsheimeteneste og folkehelse. Utvikling og konkretisering av Samhandlingsreformen vil bli fulgt med stor interesse framover. Reformen understrekar behovet for regionalt samarbeid på helse-/omsorgsområdet.

Mottak av 8 kvoteflyktningar like før jul i 2009 vart ei stor utfordring for fleire i tenesteområdet helse- og velferd. Hausten 2010 vart det busett ytterlegare 5 flyktningar, slik at det til saman har vorte busett 21 flyktningar i Lom i løpet av dei 2 siste åra.

Nav har hatt eit nytt utfordrande år med mykje nye ordningar som krevde mykje tid til opplæring/kursing/ekstraarbeid. Siste halvdel av 2010 starta evalueringsprosessen for Nav Nord-Gudbrandsdal. Prosessen er i skrivande stund ikkje avslutta. Nav-kontoret i Lom har også siste året hatt store utfordringar på bemanningssida; med berre 4 tilsette (1,8 statlege og 1,5 kommunale) er Lom det minste Nav-kontoret i regioen og blir svært sårbart t.d. ved sjukefråvær og ferieavvikling.

6.8.3 Utfordringar framover

Utfordringane rundt helsesenteret er framleis like store. Behovet for meir plass, nye og meir tidsmessige lokalar er stort – sett både frå dei tilsette og brukarane sin ståstad. Det vart hausten 2010 m.a. gjort arbeidsplasskartleggingar av bedriftshelsetenesta som stadfestar og støttar opp om helse- og velferd sine eigne påpeikingar av dei mest prekære manglane på helsesenteret – m.a. meldt inn via vernerunder våren-2010;

1. Ein ny ambulanse-/akuttinngang med tilhøyrande skadestue – må i dag bruke hovudinngangen også som akuttinngang og trille bære med pasienten rett forbi ventande i venterommet.
2. Jordmortenesta har berre eit lite kontor – ikkje undersøkingsrom. Jordmor må låse døra når ho skal undersøke pasienten. Dette for å unngå at folk kjem rett inn i rommet når pasienten ligg på undersøkingsbenken.
3. Lite tilfredsstillande toalett og garderebeforhald for dei tilsette.
4. Manglande lager- og arkivrom.
5. Manglande/for lite møterom/pauserom.
6. Fysioterapien har lite egna lokalar, har m.a. berre eit skjerma behandlingsrom og det er ikkje godt nok lydisolert.
4. Psykisk helsearbeid har heller ikkje optimale lokalar i dag. Har ein kontor plass i 1. etg. på helseheimen og to i 3. etg. (manglar venteplass i 1. etg.).

Med betre plass på helsesenteret kunne det vore mogleg å tilpasse/ bygge om, men plassmangel er ein fellesnemnar

Det nyleg oppstarta regionale legevaktsamarbeidet har hatt sine oppstartutfordringar og det blir viktig å evaluere og korrigere undervegs slik at befolkninga i regionen kan kjenne seg trygge med ordninga.

Kommunane i regionen har også store utfordringar framfor seg i arbeidet med å få på plass gode samarbeidsavtaler for drifta av LMSNG på Otta.

Lom kommune har ei ekstra utfordring i 2011. Det gjeld framtida for Vaksentralen i Lom. Legevaktvarslinga er nå flytta til LMSNG og Vaksentralen mistar store inntekter som ein må arbeide for å erstatte sal av andre/fleire/nye tenester.

Busetjing og integrering av flyktningar er ei stor utfordring – både når det gjeld å skaffe bustader, arbeids- og språkpraksis og seinare arbeidsplassar. Lom kommune har busett berre ca. halvparten av dei 45 flyktningane som kommunestyret har gjort vedtak om å busetja.

Nav har også hatt store utfordringar i 2010 – med så få tilsette blir kontoret svært sårbart ved fråvær – måtte i lengre tid stenge kontoret 1-2 dagar i veka for å få tid til opplæring og for å få unna saker. Organisasjonsmodellen i Nav Nord-Gudbrandsdal er under evaluering og det er i skrivande stund ikkje avgjort om eksisterande organisering vil bestå eller om det blir ei ny organisering.

Lom kommune har framleis ei utfordring når det gjeld å få på plass ei stabil legedekning. Den eine av dei 2 fastlegane har nedkomstpermisjon i 2011 og båe heimlane er såleis dekte opp av vikarar framover. Den ledige heimelen vil bli utlyst att våren 2011.

6.8.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar barnevern	Opplevd kvalitet	Tykkjer du hjelpa frå barnevernstenesta gjer det lettare for deg å oppdra ditt/dine barn?	*)	*)	4,6
		I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandlar deg med respekt?	*)	*)	4,6
		Kor fornøyd er du med moglegheita for å få kontakt med barnevernstenesta (tlf./fysisk oppmøte/epost)?	*)	*)	4,6
		Andel saker der lovpålagt frist er oppretthalde			100%
		Andel tiltak innan opprinneleg familie			90%
		Brutto driftsutgifter til barnevern pr. barn i opprinneleg familie			81 400
Brukarar psykisk helsearbeid	Opplevd kvalitet	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til at du får eit meir aktivt liv	2,9	3,0	3,2
		I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg?	3,0	3,4	3,3
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette i tenesta behandlar deg med respekt?	3,9	3,9	3,8
Brukarar sosial	Opplevd kvalitet	Kor nøgd er du med informasjon og rådgjeving frå sosialtenesta for å koma ut av ein vanskeleg situasjon?	3,1	3,1	2,7
		I kor stor grad tykkjer du at sosialtenesta tek deg med på råd?	3,3	3,3	2,9
		Kor nøgd er du med høvet til å få timeavtale?	4,0	3,2	3,0
	Målt kvalitet	Gjennomsnittleg stønads lengde i månader for mottakarar av økonomisk sosialhjelp		2,1	<4,0
		Andel mottakarar av økonomisk sosialhjelp med stønad i 6 månadar eller meir		5,3%	<20%
		Korrigerte driftsutgifter til sosialtenesta pr. mottakar			
Brukarar helsestasjon	Opplevd kvalitet	I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen?	**)	3,6	3,6
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt?	**)	4,9	4,9
		Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l.)?	**)	4,7	4,7
Brukarar ergoterapi	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til?	**)	5,8	5,8
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	**)	6,0	6,0
		I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapiteneste er akseptabel?	**)	5,2	5,2
Brukarar fysioterapi	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til?	**)	4,9	4,9
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	**)	5,7	5,7
		I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapiteneste er akseptabel?	**)	5,1	5,1

*) På grunn av for få respondentar vert det ikkje gjennomført brukarundersøking.

***) Brukarundersøkingar på helsestasjon, ergoterapi og fysioterapi vart gjennomførte for første gang i 2010.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,4	4,6	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,5	3,8	4,1
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte?	4,8	4,7	4,8
		I kor stor grad har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,3	5,2	5,3
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,5 %	1,4%	<3,0%
		Sjukefråvær langtid	9,0 %	1,3%	<5%
		Svarprosent medarbeidarundesøking	81 %	84 %	>80%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,0	4,3	4,6
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,5	3,8	4,0

6.8.5 Rekneskapsoversikt

Helse og velferd	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	16 169 809	15 097 363	1 072 446
Kjøp av varer og tenester	4 826 386	4 923 826	-97 440
Kjøp av tenester frå andre	1 132 896	1 168 280	-35 384
Overføringer	1 402 324	1 381 761	20 563
Finansutgifter/transaksjonar	266 500	221 796	44 704
Salsinntekter	-3 354 828	-3 122 000	-232 828
Refusjonar	-3 451 837	-1 903 661	-1 548 176
Overføringer	-4 538 152	-3 517 362	-1 020 790
Finansinntekter/transaksjonar	-242 598	-254 141	11 543
T o t a l t	12 210 502	13 995 862	-1 785 360

6.8.6 Resultatindikatorar

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.-gruppe 2010	Opp-land 2010	Heile landet 2010
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år	467	1 730	1 638	2 261	1 890	1 792	2 166	2 828
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	3 146	4 113	4 663	1 557	3 077	5 943	5 596	5 971
Brutto driftsutgifter per barn i opprinneleg familie	33 467	81 400	114 000	26 556	3 613	24 746	26 250	32 168
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	3,3	3,4	3,8	4,7	5,0	4,1	4,7	4,2
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	3,2	2,4	2,0	2,1	4,6	5,2	4,8	4,5
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetjenesten	2 487	2 761	3 041	2 655	2 540	2 463	2 052	1 782
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	12,5	12,4	12,3	17,4	12,2	12,0	10,5	9,6
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	7,5	7,5	7,5	13,0	11,1	9,5	10,4	8,6
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte.	173,9	203,2	169,7	161,4	95,2	114,2	65,4	48,3

6.8.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Legetenesta:</u>					
Talet på konsultasjonar	5 722	6 198	6 748	5 494	6 289
<u>Ergoterapi og hjelpemiddelsentral:</u>					
Aktive brukarar		300	289	283	249
Utleverte hjelpemidlar		567	547	719	464
<u>Svangerskapskontroll:</u>					
Talet på fødslar i Lom	26	14	24	21	23
<u>Helsestasjonen:</u>					
Talet på kontaktar	1 822	1 405	1 158	1 440	1 585
<u>Helsestasjon for ungdom:</u>					
Talet på kontaktar (besøk/tlf)	154	113	63	44	27
Fordeling i prosent jenter/gutar	95/5	96/4	95/5	98/2	100/0
<u>Fysioterapi:</u>					
Årsverk fysioterapeut	2	2	2	2	2
Talet på konsultasjonar	1 754	1 824	1 911	1 942	1 547
Talet på pasientar	239	244	266	250	224
Aldersfordeling i prosent:					
0 - 19 år	13,0	11,0	12,5	9,5	13,0
20 - 59 år	55,0	53,0	49,5	50,8	51,0
60 - 79 år	24,0	24,0	28,0	34,0	29,0
80 år +	8,0	12,0	10,0	5,7	7,0
<u>Vaktentralen:</u>					
Talet på årsverk	5	5	5	5	5
Trafikktejing	54 405	57 801	73 476	79 515	76 504
<u>Psykisk helsevern:</u>					
Årsverk psykiatrisk sjukepleiar	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5
Talet på brukarar	79	59	69	51	58
<i>Nøkkeltal frå NAV</i>					
<u>Sosialhjelp:</u>					
Samla stønad i alt	1 244 909	1 028 434	684 027	640 714	590 250
Utbetalt som bidrag	1 055 190	852 424	607 532	474 137	512 000
Utbetalt som lån	189 719	176 010	76 495	166 577	78 250
Talet på sosialhjelpstilfelle	70	63	49	49	49
Stønadstilfelle fordelte etter alder:					
0 - 17 år	0	0	0	0	0
18 - 24 år	11	10	6	2	5
25 - 44 år	22	16	15	17	16
45 - 66 år	31	30	23	22	23
67 år +	6	7	5	8	3
<u>Støttekontaktar/avlastarar: *)</u>					
Talet på støttekontaktar	30	36	5	10	3
Talet på klientar	32	40	6	7	3

	2006	2007	2008	2009	2010
<u>Barnevern:</u>					
Barn med tiltak (sjå fordeling)	22	20	16	12	9
- Barn i besøksheim	5	4	7	7	7
- Barn med friplass i barnehage	3	5	4	3	3
- Barn med støttekontakt/miljøarb.	9	8	7	2	0
- Barn i fosterheim	3	2	2	2	1
- Barn med husmorvikar	3	2	2	3	0
- Barn i hybel med tilsyn	0	0	0	1	1(1/2 år)
- Barn i institusjon	1	0	0	0	0

*) Støttekontakt for klientar over 18 år vart flytta frå Helse og velferd til Heimebasert omsorg i 2008.

6.8.8 Kommenterar til avvik

Helsestasjon

Av overforbruk på ca. kr 64.000 er ca. kr 50.000 til erstatning av øydelagte vaksiner – pga. ustabil temperatur i kjøleskap.

Legeteneste

Av overforbruk på ca. kr 230.000 er ca. kr. 40.000 til annonsering av ledig legeheimel i 2010. Resten av overforbruket ca. kr 190.000 er utgifter for bruk av legevikarar/vikarbyrå – og utgifter til vikarar for sekretæranne (vikar utan refusjon).

Avlastning

Overforbruk kr 355.000. Må sjåast saman med teneste 2510 Støttekontakt – underforbruk kr 34.000, teneste 2511 Besøksheim underforbruk kr 52.000 og teneste 2514 Miljøarbeid – underforbruk kr 140.000. Desse 4 tenestane har eit samla overforbruk på ca. kr 130.000 og gjeld i stor grad avlastningstiltak for barn og ungdom i 2010 – m.a. eit avlastningstiltak sommaren 2010 for funksjonshemma barn og feriejobb/sommaravlastning for ungdommar med spesielle behov.

Økonomisk sosialhjelp

Underforbruk på kr 175.000 – av dette gjeld halvparten økonomisk sosialhjelp og halvparten meir innbetalt i avdrag på sosiale lån.

Barne- og ungdomsvern (felles barnevern Skjåk og Lom)

Ca. kr 140.000 i underforbruk. Kjøp av teneste frå Skjåk kommune ca. kr 170.000 mindre enn budsjettert. På tiltakssida innan barnevernet var det totalt eit overforbruk på ca. kr 270.000 – (Teneste 2511 Besøksheim – kr 180.000, teneste 2514 Miljøarbeid – kr 40.000 og teneste 2520 Fosterheim – kr 50.000).

Flyktningtenester

Kjem totalt ut med eit overskott på ca. 1,9 mill.. Det er utarbeidd eit forslag til avsetjing av ca. 1,3 mill. av dette overskottet til ymse føremål (oversendt til økonomiavdelinga) – m.a. ca. 1 mill. til bygging/kjøp av fleire bustader til flyktningar.

6.9 Institusjonsbasert omsorg

6.9.1 *Hovudoppgåver*

Yte heildøgns pleie- og omsorgstilbod ved langtids, korttids, rehabiliterings- eller avlastningsopphald ved Lom Helseheim. Pasientane får tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale/kulturelle tilstelningar. Kjøkkenet lagar næringsrik mat til pasientar, kantiner og matombringing. Pasientane sine klede blir vaska i eige vaskeri.

6.9.2 *Kommentarar til utviklingstrekk*

- Overbelegg i 2010.
- Kjøpt institusjonsplassar i nabokommune.
- Utskriving av pasientar frå sjukehus med behov for kompliserte behandlingsregimer er aukande.
- Pasientar med høgt omsorgsnivå ved innskriving har behov for institusjonsplass. Det er ikkje alltid forsvarleg med utskrivning til heimen
- For få plassar til korttidsopphald/avlastning/rehabiliteringsopphald.
- Behov for friviljuge aktørar til å spreie glede og aktivitet i kvardagen.
- IT-verkty og videokonferanseutstyr til bruk i tenesteyting og opplæring blir stadig meir aktualisert.
- I løpet av året har vi hatt Helsetilsyn og branntilsyn.

6.9.3 *Utfordringar framover*

- Ansvar for utskrivingsklare pasientar frå sjukehus frå dag1 etter 01.01.2012
- Intensjonane i samhandlingsreforma . Andre økonomiske insentiv.
- Yte institusjonstenester til rett tid, rett omfang og rett nivå.
- Ha eit nytt omsorgsnivå som kan ta i mot pasientar som treng heildøgns omsorg.
- Gje avlastning til pårørande til heimebuande pasientar.
- Få gode effektive elektroniske løysingar/IT-program, som samhandlar med kvarandre.
- Eldste eldre har fleire diagnoser som krev spisskompetanse i behandlinga.
- Behalde fag- og høgskuleutdanna og rekruttere nye.
- Redusere sjukefråver og auke nærversarbeid.
- Arbeide med kvalitetsforbetring og samarbeide med eksterne aktørar.
- Lokalmedisinsk senter møter dei behova kommunen har.
- Vedlikehald av bygningsmasse og uteområde. Behov for utskifting av utstyr, renovering av tak, nytt låsesystem, sentralbordfunksjonen og lagerplass.

6.9.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	I kor stor grad er du nøgd med den medisinske behandlinga du får?	3,3	3,9	3,3
		I kor stor grad opplever du at bebuarane er nøgde med den medisinske behandlinga han/ho får?	3,5	3,0	3,5
		I kor stor grad er du nøgd med høvet til å gjere daglegdage gjeremål?	2,0	3,8	2,9
		I kor stor grad er du nøgd med aktivitetstilbodet der du bur?	3,5	3,5	3,5
		I kor stor grad opplever du at bebuaren er nøgd med høvet til å koma seg ut og få andre opplevingar?	3,0	2,9	3,1
		I kor stor grad opplever du at hjelpa er uttarbeidd i samarbeid med deg som pårørande?	-	2,5	2,9
	Målt kvalitet	Andel pårørande med årleg samtale	100%	>90%	>90%
	Andel pasientar med primærkontakt	100%	80%	100%	
	Avvik medisinerer	9	<40		
	Andel pasientar med pleieplan	75%	100%	100%	
Ressursstyring	Prioritering	Plassar i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester	24,3	22,1	24,4
		Legetimar pr.veke pr. pasient i sjukeheim	0,27	0,29	0,39
	Dekningsgrad	Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	23,6 %	22,6%	24,5 %
		Beleggsprosent	106%	101,2	100%
	Andel plassar sett av til tidsavgrensa opphald	-	9,0 %	9,0 %	
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,0	4,3	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,6	4,9	4,6
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	4,9	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	4,8	5,1
		I kva grad trivst du saman med kollegane dine?	5,2	5,2	5,2
	Målt kvalitet	Andel medarbeidarar med gjennomført medarbeidarsamtale	85%	20%	100%
		Andel tilsette som er fagarbeidarar	67%	70%	>65%
	Sjukefråvær korttid	3,3 %	2,3%	<4,0%	
	Sjukefråvær Langtid	5,9 %	12,4%	<5,0%	
	Svarprosent medarbeidarundersøking	58%	33%	80%	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,1	4,4	4,4
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,8	4,0	4,1

6.9.5 Rekneskapsversikt

Institusjonsbasert omsorg	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	26 318 656	25 452 645	866 011
Kjøp av varer og tenester	5 581 385	5 233 043	348 342
Kjøp av tenester frå andre	464 009	448 000	16 009
Overføringar	946 176	1 043 900	-97 724
Salsinntekter	-5 162 622	-4 715 200	-447 422
Refusjonar	-1 946 269	-1 094 000	-852 269
Overføringar	-24 045	0	-24 045
Finansinntekter/transaksjonar	-159 168	-7 900	-151 268
T o t a l t	26 018 121	26 360 488	-342 367

6.9.6 Resultatindikatorar

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.- gruppe 2010	Opp- land 2010	Heile landet 2010
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80 år og over	299 500	290 179	301 587	310 090	278 033	273 962	272 089	299 483
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 67 år og over	104 174	106 611	112 913	103 844	104 408	102 159	95 795	103 912
Andel bebuarar 80 år og over i institusjonar	75,6	80,5	81,4	83,8	87,1	77,3	74,5	72,2
Andel innbyggere 80 år og over som er bebuarar på institusjon	23,6	21,9	22,6	21,5	20,0	15,8	13,8	14,3
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	710 488	746 927	775 854	957 086	752 931	812 915	807 329	867 280

6.9.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010,0
Talet på årsverk	32,2 *)	40,6	40,6	40,4	42,2
<u>Tenestemottakarar etter alder:</u>					
Under 67 år	1	1	1	0	1
67 - 79 år	11	11	10	8	7
80 - 89 år	20	22	20	19	22
90 år +	9	8	12	13	13
Liggedagar institusjon	14 755	14 721	14 771	15 949	15 145
Beleggsprosent	98,6	98,4	98,7	106,6	101,2

*) Talet på årsverk i 2006 gjeld berre sjukeavdeling og skjerma avdeling. Frå 2007 er alle årsverk tilhøyrande institusjonsbasert omsorg med.

6.9.8 Kommenterar til avvik

Avvik økonomi

Innsparing på kr. 270` tilsvarar + 1,03%.

6.10 Heimebasert omsorg

6.10.1 Hovudoppgåver

Yte helsehjelp, pleie- og omsorg etter kommunehelsetenestelova. Praktisk hjelp, opplæring, miljøarbeid, støttekontakt for personar over 18år og tryggleiksalarmar etter sosialtenestelova. Heimetenestene består av mange deltenester som sørger for at hjelpetrengande eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge dei ønskjer. Totalt 29 bueingar i trygde- og omsorgsbustadar.

6.10.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Pasientar med store hjelpebehov blir skriva ut frå sjukehus til heimen. Auka press på heimetenestene.
- Tunge pleiepasientar og personar med demens bur heime lenger.
- Rehabilitering og opptrening generelt skjer oftare i heimen.
- Fleire yngre funksjonshemma som treng heildøgnsomsorg og bustadar.
- Auka behov dagtilbod for heimebuande personar med demens og andre lågterskeltilbod til heimebuande eldre.
- Fokus på etikk, rekruttering, kompetanseheving og kvalitetsforbetring.
- Interkommunalt samarbeid om Utviklingssenter for heimetenester og LMS.

6.10.3 Utfordringar framover

- Auke kapasiteten på heimetenestene for å møte Samhandlingsreforma.
- Vanskeleg å få institusjonsplass når det trengs.
- Drift av bustadar med heildøgns omsorg
- Bruke IT-program, videokonferanseutstyr, Helsenett og andre tekniske løysingar som er hensiktsmessige.
- Arbeide med kvalitetsforbetring i samarbeid med eksterne aktørar, brukarar og pårørande.
- At Distriktsmedisinsk senter møter dei behova kommunen har.
- Halde fokus på arbeidsmiljø, rekruttering og myndiggjering av personell.
- Ha ei velfungerande koordinerande eining.
- Behov for sosiale og kulturelle aktivitetar, møteplassar og friviljug arbeid.
- Manglar kontorplassar og betre lokale for arbeidssenteret.
- Renovering/vedlikehald av trygde- og omsorgsbustadar. Utemiljø som fremjar trivsel.
- Behov for utskifting av tryggleiksalarmar.
- Opprette gode bu- og aktivitetstilbod for ungdommar med funksjonshemming.

6.10.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009	Resultat 2010	Mål 2010
Brukarar	Opplevd kvalitet	I kor stor grad opplever du at tenesta gjev deg ein betre kvardag slik at du kan bu heime?	3,7	3,6	3,5
		I kor stor grad opplever du at tenesta gjev den hjelpa du treng?	3,7	3,7	3,7
		I kor stor grad opplever du at dei tilsette har omsorg for deg?	3,6	3,7	3,7
		I kor stor grad likar du deg der du bur?	4,0	3,8	3,8
		I kor stor grad kan du påverke den tenesta du får?	3,0	2,5	3,0
		I kor stor grad har dei tilsette tilstrekkeleg kunnskap om brukaren og funksjonshemminga?	3,0	3,0	3,0
	Målt kvalitet	Andel pårørande til brukarar med funksjonshemming med årleg samtale	100%	100%	100%
	Sakshandsamingstid	5 dagar	7 dagar	<7 dagar	
	Avvik medisinerer	18%	<50	<50	
Ressursstyring	Prioritering	Tenester til heimebuande sin andel av netto driftsutgifter til pleie og omsorg	38%		42%
	Dekningsgrad	Mottakarar av kjernetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 80+ år	391	374	374
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,4	4,9	4,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,5	4,0	3,9
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	5,3	5,3	5,0
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,4	5,2	5,1
		I kva grad trivst du saman med kollegane dine?	5,3	5,4	5,0
	Målt kvalitet	Registrerte tilfelle av vald eller truslar	5	<10	<10
		Andel tilsette i brukargruppe med vedtak etter kap 4a, som er oppdaterte på dette	100%	100%	100%
		Andel tilsette som er assistentar/ufaglærte	22%	22%	<30%
	Andel medarbeidarar med gjennomført medarbeidarsamtale	95%	90%	>90%	
	Sjukefråvær korttid	2,6 %	2,7%	<4%	
	Sjukefråvær langtid	4,0 %	5,6%	<6%	
	Svarprosent medarbeidarundersøking	90%	40%	93%	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,4	4,9	4,4
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,1	4,7	4,1

6.10.5 Rekneskapsoversikt

Heimebasert omsorg	Rekneskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik
Lønsutgifter	19 935 662	19 553 730	381 932
Kjøp av varer og tenester	2 627 752	2 778 681	-150 929
Kjøp av tenester frå andre	186 000	290 000	-104 000
Overføringar	254 172	314 200	-60 028
Finansutgifter/transaksjonar	39 000	39 000	0
Salsinntekter	-1 534 155	-1 573 700	39 545
Refusjonar	-1 642 276	-1 234 000	-408 276
Overføringar	-5 500	0	-5 500
Finansinntekter/transaksjonar	-130 971	-95 000	-35 971
T o t a l t	19 729 683	20 072 911	-343 228

6.10.6 Resultatindikatorar

	Lom 2008	Lom 2009	Lom 2010	Skjåk 2010	Vågå 2010	Komm.- gruppe 2010	Opp- land 2010	Heile landet 2010
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80 år og over	299 500	290 179	301 587	310 090	278 033	273 962	272 089	299 483
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 67 år og over	104 174	106 611	112 913	103 844	104 408	102 159	95 795	103 912
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innb. 0-66 år	20	20	19	11	38	22	19	18
Mottakarar av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innb. 67-79 år.	119	142	116	112	105	95	82	79
Mottakere av kjernetenester til heimebuande, pr. 1000 innb. 80 år og over.	396	391	374	417	367	377	326	342
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av kjernetenester til heimebuande (i kroner)	140 789	130 809	152 392	146 116	132 713	174 629	186 111	185 760
Gjennomsnittleg antall tildelte timar pr veke som brukarar av praktisk bistand får	7,4	7,6	:	:	:	5,9	7,7	7,0
Gjennomsnittleg antall tildelte timar pr veke som brukarar av heimesjukepleie får	1,4	2,1	1,1	5,3	3,3	4,6	3,6	4,6

6.10.7 Nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på årsverk for heile området	30,2	33,6	34,6	33,9	34,5
<u>Støttekontakt/avlasting: *)</u>					
Talet på støttekontaktar			21	22	18
Talet på klientar over 18 år			26	24	25
<u>Tenestemottakarar etter alder:</u>					
Under 67 år	17	24	37	37	34
67 - 79 år	34	38	41	43	34
80 - 89 år	55	67	63	61	61
90 år +	6	7	8	8	10

*) Støttekontakt for klientar over 18 år vart flytta frå Helse og velferd i 2008

6.10.8 Kommenterar til avvik

Avvik økonomi

Innsparing på kr. 242` som tilsvarar + 1,21% på samla drift.

Notar til rekneskapen

Note 1 Prinsipp for rekneskapen

Rekneskapen er utarbeidd i henhold til bestemmelsene i kommuneloven med høyrande forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunas verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalinger i året er teke med i årsrekneskapen, enten dei er betalt eller ikkje. For lån er kun den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidler

I balanserekneskapen er eigendelar bestemt til varig eige klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er omløpsmidlar.

Kommunen følger KRS nr 4 som er avgrensning mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden har særlig betydning for skilje mellom vedlikehald og påkostning i forhold til anleggsmidlar. Utgifter som kjem til for å oppretthalde anleggsmiddelet sit kvalitetsnivå, utgiftsføres i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffinga utgiftsføres i investeringsrekneskapen og aktiveres på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytta til aktuelle prosjekt i investeringsrekneskapen, jamfør kommuneloven § 50.

Vurderingsregler

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi.

Uteståande fordringer er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap.

Anleggsmidla er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivning starter året etter at anleggsmidlet er anskaffet / teke i bruk av verksemda. Avskrivningsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning.

Sjølvkostberegning

Innanfor dei rammer der sjølvkost er sett som den rettslige ramma for kva kommunen kan krevja av brukerbetalinger, bereknar kommunen sjølvkost etter retningslinjer gjeve av Kommunal- og regionaldepartementet i dokument H-2140, januar 2003.

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Kommunen følger reglane i mva-loven for dei tenesteområdene som er omfatta av loven. For Kommunen si anna verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteke kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot (rammetilskot) i inntektssystemet.

Pensjon

